

Rapport frå tilsynet med bruken av nynorsk og bokmål i staten 2024

Språkrådet 2025

Innhold

Innleiing.....	5
Samanfatning og hovudresultat	5
Språkrådet som tilsynsorgan.....	7
Paragrafane som er omfatta av tilsynet for 2024	8
Tilsynstema for 2024	8
Tilsynstema for departementa og Statsministerens kontor	9
Tilsynstema for underliggjande verksemder	10
Særleg om vekslingskravet i språklova § 13	10
Metode.....	11
Datafangst, datakvalitet og resultatformidling.....	11
a) Hausting og analyse av statlege domene/nettstader	11
b) Eigenrapportering.....	13
c) Tilsynsdialogen	16
Utvikling i tilsynet	17
Resultat for departementa og dei underliggjande verksemdene i 2024	18
Om statistikken.....	18
Oversikt over resultata for alle departementa	19
Hovudresultat	19
Analyse av resultata for departementa med underliggjande verksemder	22
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	22
Resultata for departementet per tilsynstema	22
Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema	23
Barne- og familiedepartementet	24
Resultata for departementet per tilsynstema	24
Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema	25
Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.....	26
Resultata for departementet per tilsynstema	26
Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema	26
Energidepartementet	28
Resultata for departementet per tilsynstema	28

Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema	29
Finansdepartementet	30
Resultata for departementet per tilsynstema	30
Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema	31
Forsvarsdepartementet	32
Resultata for departementet per tilsynstema	32
Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema	33
Helse- og omsorgsdepartementet	34
Resultata for departementet per tilsynstema	34
Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema	35
Justis- og beredskapsdepartementet	37
Resultata for departementet per tilsynstema	37
Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema	38
Klima- og miljødepartementet	40
Resultata for departementet per tilsynstema	40
Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema	41
Kommunal- og distriktsdepartementet.....	42
Resultata for departementet per tilsynstema	42
Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema	43
Kultur- og likestillingsdepartementet	44
Resultata for departementet per tilsynstema	44
Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema	45
Kunnskapsdepartementet	46
Resultata for departementet per tilsynstema	46
Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema	47
Landbruks- og matdepartementet	49
Resultata for departementet per tilsynstema	49
Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema	50
Nærings- og fiskeridepartementet	51
Resultata for departementet per tilsynstema	51
Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema	52

Samferdselsdepartementet	53
Resultata til departementet per tilsynstema.....	53
Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema	54
Utanriksdepartementet	55
Resultata for departementet per tilsynstema	55
Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema	56
Statsministerens kontor	57
Resultata for Statsministerens kontor per tilsynstema	57
Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema	58

Innleiing

Språkrådet fører tilsyn med bruken av bokmål og nynorsk i staten med heimel i §§ 19 og 20 i lov om språk (språklova). Med utgangspunkt i data frå departement og underliggjande verksemdar presenterer Språkrådet kvart år statistikk og analysar som syner korleis desse statsorgana brukar bokmål og nynorsk etter språklova. Dataa er både hausta av Språkbanken ved Nasjonalbiblioteket og Språkrådet og rapporterte inn av statsorgana sjølv (to datakjelder).

Rapporten gjev eit oversyn over korleis 16 departement, Statsministerens kontor og 151 underliggjande verksemdar brukar nynorsk og bokmål. I tilsynet for 2024 har me lagt vekt på tekst som er publisert på hovudnettstadene til statsorgana i 2024.

Når det gjeld språklova §§ 13, 14 og 20, har me definert seks tilsynstema for departementa og fire tilsynstema for dei underliggjande verksemdene. Tilsynstemaane går att i heile rapporten.

Rapporten omfattar òg innsikt som er skaffa gjennom tilsynsdialogen i 2024.

Samanfatning og hovudresultat

I 2024 har me ført tilsyn med 151 verksemdar og 17 departement (inkludert Statsministerens kontor), i alt 168 tilsynsobjekt. Tala for 2024 syner at den positive utviklinga me har sett sidan språklova tok til å gjelda, held fram, sjølv om berre 22 av tilsynsobjektene stettar kravet innanfor alle tilsynstemaane me har vurdert for 2024.

I Språkrådets [rapport for tilsynet med bruken av bokmål og nynorsk i staten i 2023](#) gjorde me greie for *vekslingskravet* og for korleis me vurderer om ei verksemd stettar kravet eller ikkje. Kravet om minst 25 prosent av kvart skriftspråk i allment tilgjengelege dokument gjeld for ny tekst på nett og tekst i sosiale medium (so-me) samla. Det vil seia at nynorskprosenten kan vera under 25 for eitt av tilsynstemaane så lenge nynorskprosenten i ny tekst på nett og i sosiale medium sett under eitt er høg nok. Døme: Eit tilsynsobjekt har 40 prosent nynorsk i ny tekst på nett, men berre 5 prosent av innlegga i sosiale medium er på nynorsk. Her vil truleg den høge nynorskprosenten i ny nettekst vege opp for den låge prosenten i so-me-innhaldet, slik at tilsynsobjektet stettar kravet i § 13.

Sju departement stettar alle krava som me har vurdert dei etter i tilsynet for 2024. Dette vil seia at dei stettar vekslingskravet samla sett i 2024 (for sosiale medium, stortingsdokument og annan nettekst), at dei stettar kravet om parallellitet i sjølvbeteningstenester, og at dei har oppfylt opplysningsplikta og gjeve Språkrådet dei opplysningane me har bede om.

I 2023 hadde departementa for fyrste gong sidan målingane starta i 1984, ein samla nynorskprosent på over 25 i stortingsdokument¹. Også i 2024 hadde departementa meir enn minstekravet: Den samla nynorskprosenten i stortingsdokument for alle departementa under eitt var på mellom 25 og 26,5.

Av all ny tekst på regjeringa.no i 2024 er 22 prosent på nynorsk (25 prosent i 2023). Sjølv om den samla nynorskprosenten er noko lågare enn i 2023, er det i 2024 fleire departement

¹Stortingsproposisjonar og -meldingar utan vedlegg.

som samla sett stettar vekslingskravet (47 prosent), enn i 2023 (38 prosent). Ei forklåring på nedgangen i den samla nynorskprosenten kan vera

- 1) at åtte av 17 departement framleis har under 15 prosent nynorsk på sidene sine på regjeringa.no
- 2) at nokre departement leverte eit mykje svakare resultat i 2024 enn i 2023 (truleg fordi dei mangla oversyn over tekstarbeidet, fordi dei ikkje hadde planlagt nynorskproduksjonen sin godt nok, eller fordi nynorskarbeidet dei dreiv i 2023, var for avhengig av einskildpersonar)

Me ser òg at det går framover for dei 151 verksemdene som er omfatta av tilsynet for 2024. For 2024 stettar 15 verksemder alle lovkrava som me har vurdert dei etter (10 verksemder klarte dette i 2023, berre éi i 2022²). Dette vil seia at dei stettar vekslingskravet samla sett, og at dei stettar kravet om parallellitet i sjølvbeteningstenester og oppfyller opplysningsplikta. Det er positivt at stadig fleire verksemder stettar alle krava, men berre fem av dei 15 verksemdene som stetta alle krava i 2023, gjorde det same i 2024. Dette stemmer med eit generelt utviklingstrekk, nemleg at resultata svingar mykje frå år til år. Nokre verksemder som gjorde det godt i 2023, gjorde det mykje dårlegare i 2024.

For underliggjande verksemder har Språkrådet tal både for det samla teksttilfanget på nynorsk på nettstaden og for nynorsken i ny tekstproduksjon. Det set oss i stand til å gjera individuelle vurderingar: Ei verksemd som ikkje stettar kravet om minst 25 prosent nynorsk i ny tekst, kan likevel vurderast slik at kravet er stetta samla sett, dersom nynorskprosenten totalt er omkring 25. I gjennomgangen av resultata for kvar sektor er det oppgjeve kva verksemder som stettar alle krava, og på kva grunnlag.

Me ser fylgjande:

- 30 verksemder har ein nynorskprosent i ny tekst på nett på mellom 25 og 75. Det er ein auke frå 24 verksemder i 2023 og 13 i 2022, altså meir enn ei dobling på berre tre tilsynsår.
- 17 verksemder brukte minst 25 prosent nynorsk totalt på nett.³ Det er ein auke frå 14 i 2023.
- 55 verksemder har ein nynorskprosent i sosiale medium på mellom 25 og 75. Det er ein auke frå 46 verksemder i 2023 og 36 i 2022. Me ser at litt over ein tredjedel av verksemdene stettar vekslingskravet i sosiale medium i 2024, og at den gode trenden held fram.

Tal på verksemder som har stetta vekslingskravet

På lista i 2023:	25
Fråfall i 2024:	8
Nykomarar i 2024:	16
På lista i 2024:	34
På lista i både 2023 og 2024:	18

²Tala for 2022 kan ikkje samanliknast fullt ut med tala for 2023 og 2024.

³Berre hovudnettstaden er rekna med for 2024.

Tabellen syner kor mange verksemder som stettar vekslingskravet i 2024, og kor mange verksemder som stetta kravet i 2023, men ikkje i 2024. 18 verksemder held stand og stettar krava i 2024 òg, medan åtte verksemder har falle ut av lista – ei av dei er no oppløyst. Om dei attverande sju av desse verksemdene hadde stetta kravet i 2024 òg, ville i alt 41 verksemder ha stetta kravet. Nær ein firedel av verksemdene fell ut av lista på berre eitt år. Nynorskproduksjonen svingar altså mykje frå år til år.

Opplysningsplikta

Alle dei underliggjande verksemdene og departementa oppfylte opplysningsplikta i språklova § 20 (i 2023 var det sju statsorgan som ikkje oppfylte plikta, mot 19 i 2022). Me ventar at dei vil oppfylle plikta òg i åra som kjem. Det er særst positivt at alle statsorgan no gjev Språkrådet dei opplysningane me treng for å gjennomføra tilsynet.

Moglege årsakssamanhengar

Den positive utviklinga me har sett gjennom dei siste åra, kan ha fleire årsaker. Det kan til dømes vera meir merksemd om lovkrava etter at språklova tok til å gjelda, bruk av automatisk omsetjing, betre rettleiing, tilsynsdialog og datakvalitet og forenkla rapportering. Samstundes ser me ein generell trend i 2024:

- Nynorskproduksjonen svingar mykje frå år til år.
- Verksemdene som har gode resultat eitt år, held ikkje alltid same nivå året etter.

Det er fleire moglege årsaker til at statsorgana ikkje maktar å halda fram med det gode nynorskarbeidet. Det kan vera at dei manglar oversyn over tekstarbeidet, at dei ikkje har planlagt eigen nynorskproduksjon godt nok, eller at nynorskarbeidet er for avhengig av einskildpersonar.

Tala byggjer på automatisk hausta og analysert tekst (nettekstar) og eigenrapportering (skjema og digitale sjølvbeteningstenester og sosiale medium). Datakvaliteten er relativt god, men me må ta atterhald om feilrapportering.

Språkrådet som tilsynsorgan

Språkrådet har tre definerte roller som tilsynsorgan.

- 1 Kunnskapsrolla:
Me måler, dokumenterer og formidlar offentleg språkpraksis og undersøker kva verkemiddel som eignar seg best i arbeidet med å stetta dei krava språklova set.
- 2 Myndigheitsrolla:
Me fører tilsyn ved å kontrollera, dokumentera og rapportera om korleis pliktreglane for bruk av nynorsk og bokmål i staten vert fylgde opp.
- 3 Pådrivarrolla:
Me er ein pådrivar for norsk som samfunnsberande språk i alle sektorar, set språkpolitikken på dagsordenen og oppmodar leiarar om å ta språkansvar.

Dei to hovudmåla for tilsynet til Språkrådet er

- at offentlege organ etterlever språklova og driv systematisk språkarbeid som ein del av kvalitetssikringa av verksemda

- at allmenta kan
 - få greie på korleis ulike verksemder etterlever regelverket
 - finna oppdatert informasjon om kva målretta arbeid med bokmål og nynorsk inneber i praksis

Meininga med det fyrste målet er at språkarbeid som ikkje er kopla til kjerneverksemda og samfunnsoppdraga i staten, ofte ikkje gjev varige resultat. Systematisk arbeid med bokmål og nynorsk høyrer saman med kvalitetsarbeidet i staten og må verta ein integrert del av dette arbeidet i alle statsorgan.

Meininga med det andre målet er å byggja tillit og gjera forvaltninga så open som mogleg ved å gje tilgang til den informasjonen, dei dataa og den kunnskapen som ligg føre. Me skal vera opne om korleis tilsynet går føre seg, og me skal dela kunnskap om korleis ein arbeider godt med bokmål og nynorsk.

Me arbeider etter fylgjande føringar, som skal gje ein mest mogleg og treffsikker tilsynsmetodikk:

- Me utviklar og kvalitetssikrar tilsynet ved å dokumentera metodane me brukar, vurderer risiko, digitalisera kontrollen, publisera resultata og differensiera oppfølginga.
- Verksemdene vert møtte med hjelpsam dialog, etterretteleg resultatkontroll og oppdaterte råd som styrkjer evna til å etterleva språklova over tid.

Paragrafane som er omfatta av tilsynet for 2024

Språkrådet kan etter språklova føra tilsyn med § 10 andre ledd og §§ 12 til 17. For 2024 har me valt å konsentrera tilsynet om i kva grad sentrale statsorgan fylgjer tre lovreglar:

§ 13 fyrste ledd fyrste punktum: «Sentrale statsorgan skal over tid bruke minst 25 prosent av både bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument.»

§ 14 fyrste ledd: «Statsorgan skal gjere skjema og andre sjølvbeteningstenester tilgjengelege på bokmål og nynorsk samtidig.»

§ 20: «Statsorgan skal gje Språkrådet dei rapportane og opplysningane som Språkrådet ber om som ledd i tilsynet med reglane i § 10 andre ledd og §§ 12 til 17.»

Tilsynstema for 2024

For språklova § 13⁴ har me i denne rapporten lagt vekt på tekst i html-format som er publisert i 2024 på hovudnettstadene til statsorgana, og tekst som er publisert i sosiale medium i 2024. Ein del statsorgan eig eller driftar fleire domene, men av kapasitetsomsyn har me avgrensa tilsynet for 2024 til hovudnettstadene til verksemdene. Nasjonalbiblioteket har likevel hausta og analysert alle statlege domene, slik at rådata for fordelinga mellom nynorsk og bokmål ligg føre.

⁴Når me talar om vekslingskravet i språklova § 13 i denne rapporten, meiner me alltid vekslingskravet i § 13 fyrste ledd fyrste punktum.

Me legg vekt på tekst som er publisert i 2024, for å gje statsorgana eit oversyn over korleis arbeidet med bokmål og nynorsk slår ut over ein periode på eitt år. Mange statsorgan har store mengder eldre tekst på nettstadene sine, og det kan vera vanskeleg å sjå større utslag av innsatsen over eit år dersom dei berre får tilbakemelding på fordelinga mellom bokmål og nynorsk for heile nettstaden samla.

Me har definert seks tilsynstema for departementsfellesskapen og fire tilsynstema for dei underliggjande verksemdene med utgangspunkt i språklova §§ 13, 14 og 20.

Tilsynstema for departementa og Statsministerens kontor

Tema 1 Nynorskprosent i ny tekst på nett

Omgrepet «ny tekst på nett» syner her til alle tekstar i html-format som er publiserte på regjeringa.no i 2024, og som er omfatta av lovkravet om veksling mellom skriftspråka. Dette vil i praksis seia stortingsdokument og andre nettekstar. Denne tekstmengda er vidare delt inn i to kategoriar, som me omtalar nedanfor under tema 2 og 3.

Tema 2 Nynorskprosent i stortingsdokument 2024

Dette temaet omfattar både stortingsproposisjonar og stortingsmeldingar som er publiserte i 2024. Alle slike dokument vert no publiserte i html-format. Desse dokumenta inngår òg i tema 1, men me har valt å gje opp tala separat fordi nynorskbruken i slike dokument er ein viktig indikator. Stortingsdokument er sentrale i forvaltninga; dei har høg status, når ut til mange, lever lenge og vert brukte om att i stor grad. Ein kan rekna med at ein høg nynorskprosent i slike dokument fører til meir nynorskbruk elles i forvaltninga.

Tema 3 Nynorskprosent i annan nettekst 2024

Det Språkrådet kallar «annan nettekst», fell oftast under det språklova definerer som «allment tilgjengelege dokument». Tilsynstemaet omfattar nettekstar i html-format som er publiserte på regjeringa.no i 2024, og som vert omfatta av lovkravet i § 13 om veksling mellom skriftspråka. Dette kan vera pressemeldingar, høyringar, nyhendesaker, stillingsutlysingar, rettleiingar og anna som departementsfellesskapen publiserer på regjeringa.no. Tekstane inngår òg i tema 1, men me har valt å gje opp tala separat fordi tekstane ofte er godt synlege på regjeringa.no, og fordi dei òg vert formidla av media. Me meiner det er viktig å presentera resultatata for dette temaet isolert, slik at departementa og Statsministerens kontor kan få oversyn og planleggja arbeidet med bokmål og nynorsk.

Tema 4 Nynorskprosent i sosiale medium

Statistikken byggjer på eigenrapportering av talet på innlegg som er publiserte på nynorsk og bokmål i sosiale medium i 2024, og me skil ikkje lenger mellom ulike kanalar. Tekst i sosiale medium er oftast «allment tilgjengelege dokument», og dei er såleis omfatta av språklova § 13 om veksling. Bruk av nynorsk i sosiale medium gjer språket meir synleg i allmenta og hevar statusen til nynorsk som skriftspråk. Det er difor viktig å fylgja med på resultatata for slikt innhald. Ein annan grunn til at me ser på dette temaet isolert, er at innhald i sosiale medium er ferskvare og slik skil seg frå andre nettekstar som har lengre levetid.

Tema 5 Skjema og andre sjølvbeteningstenester

For skjema og andre sjølvbeteningstenester gjeld lovkravet i språklova § 14 om parallelle versjonar på baa skriftspråka. Kravet er at alle skjema og digitale tenester skal liggja føre på

både bokmål og nynorsk, og ikkje som ein viss prosentdel på kvart skriftspråk. Her gjeld med andre ord ikkje vekslingsregelen.

Tema 6 Opplysningsplikta

Skal Språkrådet kunna føra tilsyn og rettleia, må alle tilsynsobjekta senda oss den informasjonen me bed om. Opplysningsplikta er regulert i språklova § 20.

Tilsynstema for underliggjande verksemdar

Tema 1 Nynorskprosent i ny tekst på nett

Omgrepet «ny tekst på nett» viser til alle tekstar i html-format som er publiserte på hovudnettstaden til verksemdene i 2024, og som er omfatta av lovkravet i § 13 om veksling mellom skriftspråka.

Tema 2 Nynorskprosent i sosiale medium

Statistikken byggjer på eigenrapportering av talet på innlegg i sosiale medium som verksemdene publiserte på nynorsk og bokmål i 2024. Mange verksemdar har høg aktivitet i sosiale medium – dei publiserer frå fleire hundre til fleire tusen innlegg gjennom året – og desse tekstane er difor svært synlege. Bruk av nynorsk i sosiale medium kan difor ha mykje å seia for statusen til språket og er eit viktig signal til språkbrukarane. Les meir om sosiale medium i avsnittet om tema 4 for departementa ovanfor.

Tema 3 Skjema og andre sjølvbeteningstenester

For skjema og andre sjølvbeteningstenester gjeld lovkravet i § 14 om parallelle versjonar på både skriftspråka. Kravet er at alle skjema og digitale tenester skal liggja føre på både bokmål og nynorsk, og ikkje som ein viss prosentdel tekst på kvart skriftspråk. Her gjeld med andre ord ikkje vekslingsregelen.

Tema 4 Opplysningsplikta

Skal Språkrådet kunna føra tilsyn og rettleia, må alle tilsynsobjekta senda oss den informasjonen me bed om. Opplysningsplikta er regulert i språklova § 20.

Desse tilsynstemaane går att gjennom heile resultatdelen av rapporten. Departementa har fleire tema fordi me gjev dei tala for stortingsdokument og annan nettekst separat, i tillegg til samla tal for all ny tekst på nett.

Særleg om vekslingskravet i språklova § 13

Tekstane som er omfatta av vekslingskravet, er «allment tilgjengelege dokument» etter språklova § 13. Dette er alle «dokument som blir utferda og sendt ut av eit organ som er omfatta av lova [...], og som ikkje er stila til enkeltadressatar.», jf. § 2 b. Slike allment tilgjengelege dokument er tekstar i ulike sjangrar som vert publiserte i ei rekkje ulike kanalar. Det kan til dømes vera stortingsdokument som vert publiserte på regjeringa.no, andre typar nettekstar og tekst som vert publisert i sosiale medium.

Språkrådet gjev opp tal for ulike teksttypar for at statsorgana skal kunna fylgja med på korleis dei ligg an. Slik kan dei få oversyn over kva teksttypar og kanalar som treng ein ekstra nynorskinnsats, og kva dei har god kontroll på. Eit slikt oversyn er òg til hjelp for Språkrådet, som då kan gje betre tilpassa rettleiing.

Lovkravet om veksling gjeld alle «allment tilgjengelege dokument», same kva kanal tekstane er publiserte i. Samstundes som me held oversyn over nynorskbruken i dei ulike kanalane, må me difor òg vurdera korleis tilsynsobjekta stettar krava i § 13 under eitt. Innhald i sosiale medium vert målt i talet på innlegg, ikkje i talet på ord. Det er fordi tala for innhald i sosiale medium ikkje let seg hausta inn automatisk; dei byggjer på eigenrapportering frå tilsynsobjekta. (Det vil ikkje vera rimeleg å be tilsynsobjekta om å telja ord.) Sidan me ikkje har tal for ordmengda i tekstar i sosiale medium, kan me ikkje utan vidare slå saman tal for sosiale medium og tal for nynorskinnhaldet på nett og rekna ut ein samla prosent for all tekst som er omfatta av § 13.

Me må altså til ein viss grad bruka skjøn når me skal vurdera i kva grad tilsynsobjekta stettar kravet i § 13. Sidan det med dagens system ikkje er mogleg å rekna ut nøyaktig samla nynorskprosent, vil somme verksemder liggja rundt minstekravet for § 13 samla sett, sjølv om dei har mindre enn 25 prosent nynorsk i éin av kanalane sine. Det kan til dømes vera verksemder som nesten stettar minstekravet for ny tekst på nett, og som samstundes har til dømes 30 prosent av innlegga sine i sosiale medium på nynorsk. Desse verksemdene stettar truleg minstekravet for all tekst samla. Det kan òg vera nokre verksemder som stettar kravet for ny tekst på nett med god margin, men som ikkje heilt stettar minstekravet i sosiale medium. I slike høve stettar truleg verksemdene òg kravet for all tekst samla. Sidan me ikkje har gode nok data for innhaldet i sosiale medium, må verksemder som ligg «på vippen», vurdera bruken sin av bokmål og nynorsk på tvers av dei ulike kanalane sine.

Metode

Datafangst, datakvalitet og resultatformidling

Me har tre data- og informasjonskjelder for tilsynet: hausting⁵ og analyse av statlege domene/nettstader, eigenrapportering og tilsynsdialog.

a) Hausting og analyse av statlege domene/nettstader

Hausteroboten Målfrid vert drifta av Språkbanken ved Nasjonalbiblioteket. Målfrid haustar all nettsidetekst frå norske statlege nettstader og gjer ein språkanalyse av all tekst på avsnittsnivå.

Prosentane for nynorsk og bokmål er baserte på ordmengd / tal på ord, ikkje sidetal, sidan *side* er ein vanskeleg målestokk for digitalt publisert materiale. Likevel er det viktig å merka seg at Målfrid òg opererer på URL- eller dokumentnivå, sidan kvart dokument vert kategorisert som anten nynorsk eller bokmål. Om ei verksemd oppdaterer eit dokument eller ein URL som allereie finst, til dømes ei rettleiing, vil all tekst i dokumentet telja som nyproduksjon for det aktuelle tilsynsåret.

I analysen skil Målfrid mellom tekst i ulike format (html, docx⁶ og pdf). Ikkje alt dette materialet vert brukt i tilsynet. I tilsynet for 2024 har me valt å gje tilbakemelding berre på

⁵«Hasting» tyder som regel innsamling av tekstdokument på nettsider ved bruk av ein hausterobot (Målfrid). Data frå regjeringa.no vert ikkje lenger hausta ved hjelp av ein hausterobot, men ved nedlasting av innhald direkte gjennom eit eige API (applikasjonsgrensesnitt). Når me i rapporten viser til «hasting», er det difor datafangst generelt me viser til, same korleis dataa er henta inn.

⁶Filformatet som vert brukt til tekstfiler i Microsoft Word.

tekst i html-format som ligg på hovudnettstadene til statsorgana. Det er denne teksttypen som best speglar den reelle språkvekslinga i nettsidetekstar. Html er òg det formatet som best stettar krava til universell utforming. I docx- og pdf-format finn me gjerne tekst som er gamal, eller som kan tilskrivast andre kjelder enn statsorganet sjølv (lovtekstar, forskingsrapportar eller liknande). For å få færre feilkjelder konsentrerer me oss om tekstane som statsorgana skriv sjølve, og tekstar der dei har innverknad på språkvalet.

Haustinga og analysen er ressurskrevjande og vert difor gjort berre éin gong kvart år, ved årsskiftet. (Les meir om tidlegare datafangst i [tilsynsrapporten for 2022](#), side 10, og meir detaljert om korleis Målfrid haustar og analyserer data, i [tilsynsrapporten for 2020](#), side 4.) For regjeringa.no er det utarbeidd ei teknisk løysing i form av eit eige API (applikasjongs grensesnitt). Dette grensesnittet gjer det mogleg å lasta ned og analysa alt nytt innhald på regjeringa.no i staden for å hausta alt innhaldet kvar gong. Løysinga inneber òg at alle tekstane på regjeringa.no har metadata og taggar som gjev opplysningar om kva type innhald som er publisert, og kva departement innhaldet høyrer til.

Atterhald for tilsynsdataa

Det er viktig å gjera merksam på at haustinga ikkje gjev eit ein-til-ein-tilhøve mellom det som finst på nettstadene i staten, og det som me vurderer i tilsynet.

For verksemdene nyttar me hausteroboten Målfrid (engelsk: *web crawler*), som lastar ned all tekst systematisk, utan bruk av metadata. Noko av teksten som Målfrid haustar, er difor ikkje «allment tilgjengelege dokument» (jf. språklova § 2, fyrste ledd bokstav b). Målfrid klarer heller ikkje alltid å hausta alle dei allment tilgjengelege dokumenta som finst på nettstaden. Det er viktig å skilja mellom *haustedataa*, det vil seia ordmengda som me får frå Målfrid, og *tilsynsdataa*, som er dei dataa som Språkrådet vurderer opp mot lovkrava. Oftast er desse datasetta nokså like, men me silar ut noko tekst, mellom anna nokre underdomene som verksemdene ikkje leverer tekst til sjølve, og innhald som heilt klart ikkje er allment tilgjengelege dokument (til dømes avgjerder frå Høgsterett).

For regjeringa.no er det utvikla ein metode der dei ulike tekstkategoriane er definerte på førehand ved hjelp av metadata. Metoden set oss i stand til å lasta ned berre desse spesifikke kategoriane. På denne måten får me avgrensa tilsynsdataa slik at me får hausta inn berre det som skal vurderast etter dei utvalde tilsynstema (tilsynsdataa). Me tek atterhald om at nokre av dei avgrensa kategoriane likevel kan innehalda tilfang som ikkje er underlagt lovkrava, eller at me ikkje har fanga opp dokument som skal vurderast etter lova.

Språkrådet har små ressursar til å sila ut store mengder tekst hjå mange statsorgan, så me er nøydde til å ha ein restriktiv praksis på dette området. Me tek difor atterhald om at det kan oppstå mindre avvik når me brukar data frå Målfrid. Til dømes kan for mykje eller for lite tekst verta nytta som tilsynsdata. Det er viktig for oss å peika på at det ikkje har vore noko mål for Språkrådet å ha nøyaktig kontroll på alt som finst av tekst, men metoden må vera så god at han gjev eit solid oversyn over dei publiserte tekstane og kva språk som er nytta. Hausteroboten Målfrid er ein reiskap som me brukar i arbeidet med å styrkja nynorsken i staten. Viktigare enn tal og prosent er det arbeidet verksemdene gjer for å syna fram at dei to norske skriftspråka er jamstilte. Målfrid er god nok til dette arbeidet.

Samstundes med haustinga arbeider me med nye teknologiar og metodar for å kunna nytta best moglege data i tilsynet.

b) Eigenrapportering

Kvart år vert departementa og dei underliggjande verksemdene bedne om å rapportera inn tal for språkbruken i dei publiseringskanalane som Språkrådet og Nasjonalbiblioteket ikkje har høve til å hausta frå automatisk. Det gjeld sosiale medium og skjema og andre sjølvbeteningstenester. I januar 2024 sende Språkrådet ut eit spørjeskjema via Questback og purra på verksemdene som ikkje hadde svara innan fristen. Me fekk til slutt inn svar frå alle verksemdene og departementa, noko som aukar tilliten til dei eigenrapporterte dataa.

Me understrekar at eigenrapporteringa ikkje gjev eit hundre prosent rett bilete av stoda. Fleire statsorgan manglar gode metodar for å telja skjema eller innlegg i sosiale medium, og nokre av dei innrapporterte tala er i somme tilfelle skjønsmessige.

Som nemnt vert nynorskprosenten i sosiale medium målt ved at me tel innlegg og ikkje ord. Tala for språkveksling i denne eigenrapporterte kategorien kan dermed ikkje samanliknast eller slåast saman med tala for språkveksling på nett (automatisk hausta og analyserte), som er baserte på ordmengd, analysert på avsnittsnivå.

Eigenrapporteringa er likevel informativ nok til at me brukar ho i tilsynsdialogen, og til å vurdera korleis verksemdene stettar krava i språklova §§ 13 og 20.

Oppsummering av svara frå spørjeskjemaet


I rapporten om tilsynet med bruken av bokmål og nynorsk i staten i 2023 gjorde me greie for kva som er meint med ordlyden i språklova § 16, der det heiter at «[s]tatsorgan [...] skal syte for at dei har den nødvendige skrivekompetansen for å kunne bruke bokmål og nynorsk etter lova her». I den same rapporten melde me at Språkrådet i tida framover vil henta inn kunnskap om korleis statsorgana sikrar at dei har tilstrekkeleg nynorskkompetanse.

I samband med eigenrapporteringa om bruken av bokmål og nynorsk i sosiale medium og i skjema og sjølvbeteningstenester i 2024 stilte me dei statlege verksemdene nokre spørsmål om bruken av digitale verktøy for omsetjing frå bokmål til nynorsk, og om korleis verksemdene sikrar at dei har den nynorskkompetansen som lova krev. Det var friviljug å svara, og spørsmåla var ikkje del av det formelle tilsynet for 2024.

Om omsetjingsverktøy

Språkrådet spurde statsorgana om dei nyttar digitale verktøy for å setja om tekst mellom bokmål og nynorsk. 68 prosent svara ja. Me spurde vidare om kva verktøy dei bruker. Merk at statsorgana kunne kryssa av for fleire verktøy.

Bruken fordeler seg slik mellom dei ulike verktøya:⁷



Me ser at statsorgana brukar både regelbaserte norske system⁸ og system baserte på kunstig intelligens (KI). Somme statsorgan brukar fleire verktøy, medan andre ikkje brukar slike verktøy i det heile. Eit førebels funn er at dei norskutvikla omsetjingsprogramma (Apertium, Nynorskroboten og Nynorskoversetteren) vert brukte om lag like mykje som dei store internasjonale språkmodellane (Copilot og ChatGPT).

Det er viktig for Språkrådet å sjå på kva fylgjer bruken av omsetjingsverktøy med tida kan få for kvaliteten på tekstar frå det offentlege.

Me rår ikkje frå å bruka digitale verktøy til omsetjing, men det er viktig å understreka at all tekst som er omsett på denne måten, må kontrollerast av menneske med tilstrekkeleg kompetanse. Dessutan bør ikkje ny teknologi vera det einaste tiltaket for å auka bruken av nynorsk i forvaltninga. Verksemdar som står seg på teknologi, må ha god nok kompetanse til å forvalta språk-, skrive- og omsetjingsverktøya dei vel å bruka, og til å vurdere tekstkvaliteten i etterkant.

Språklova legg ansvaret for nynorsken – både kompetanse og kvalitet – på verksemda, ikkje på kvar av dei tilsette. Sommaren 2025 vart det gjort nokre endringar i språklova, og ei av dei gjeld kompetansekrava i § 16. Tidlegare stod det i paragrafen at statsorgana «skal kunne krevje» at tilsette skal skriva både bokmål og nynorsk. No står det at statsorgana «skal krevje det». Den nye lovformuleringa minner om den personlege tenesteplikta til å bruka både bokmål og nynorsk som statstilsette hadde etter den gamle mållova. Med språklova vart den personlege tenesteplikta avskaffa. Stortinget har presisert at tanken no ikkje er å innføre den personlege tenesteplikta på ny, men å skjerpa ansvaret som arbeidsgjevaren har for kompetansen i bokmål og nynorsk. Me får altså ein mellomting: Kompetansekravet er strengare enn det har vore i språklova til no, men det er ikkje like strengt som det var i mållova.

⁷Merk at Google Translate ikkje kan setja om til nynorsk.

⁸Dette gjeld Apertium (gratisversjonen), Nynorskroboten og Nynorskoversetteren. Desse systema er i hovudsak regelstyrte, men nokre av dei er hybridssystem som òg nyttar KI.

I alle tilfelle er verksemda ansvarleg for resultatet og kvaliteten på all tekst. Det gjeld anten dei nyttar KI eller ikkje. Ei verksemd som nyttar ei maskinomsett tekst med for låg språkleg kvalitet, stettar ikkje krava i lova. Maskinomsette tekstar må alltid kvalitetssikrast av eit menneske. Det er òg viktig å vera merksam på faren for at verksemdene stør seg for mykje på verktøya og på lengre sikt mistar viktig nynorskkompetanse.

Om nynorskkompetanse

Språkrådet les ut av svara i spørjeskjemaet at fleire verksemder

- tilbyd dei tilsette å delta på fysiske nynorskkurs eller ta Språkrådets digitale nynorskkurs «Oi, på nynorsk»
- har peika ut interne nøkkelpersonar med god kompetanse som dei andre i verksemda kan dra nytte av (språkambassadørar, ressursgrupper, nynorskfadarar)
- har knytt til seg eksterne kurshaldarar
- har kjøpt inn omsetjingsverktøy

Mange opplyser at

- dei søker aktivt etter personar med nynorskkompetanse i rekrutteringsprosessar
- dei har god leiarforankring av nynorskarbeidet
- dei arrangerer nynorskveker
- dei har godt oversyn over kva kompetanse som finst i verksemda

Fleire rapporterer òg at dei har at dei har malar på nynorsk, rutineskriv, retningslinjer og/eller strategidokument om bruk av nynorsk eller språkpolitiske utval.

Somme melder at dei tilsette syner låg interesse for kompetansehevingstiltak.

Éi verksemd ynskjer innspel frå Språkrådet om korleis ein bør gå fram for å sikra at verksemda stettar § 16 i språkløva.

Berre nokre svært få svarar at dei ikkje har rutinar for arbeidet med skrivekompetanse.

Det samla inntrykket er at nær sagt alle verksemdene (ut frå det dei sjølve har opplyst) har så gode rutinar at dei strengt teke burde ha stetta alle lovkrava. Likevel er det svært få som faktisk gjer det. På vegen mellom rutineskriv og praksis er det altså viktige hindringar, og dei har me for lite kunnskap om.

Anna innsikt

Spørjeskjemaet inneheldt òg eit felt der verksemdene kunne melda frå til Språkrådet om andre tilhøve. Her er ei oppsummering av informasjonen og synspunkta som verksemdene gav gjennom fritekstfeltet.

Kva meiner verksemdene hindrar nynorskarbeidet?

Omsyn til målgruppe

- Nynorsken kjem under press frå arbeid med andre språk som verksemda òg har ansvar for (særleg engelsk, men òg andre minoritetsspråk).

- Nynorsk er for vanskeleg å skjønna for unge eller innvandrarakar.
- Nynorsk er for vanskeleg å skriva når presisjonsnivået er høgt.
- Allmenta ynskjer seg meir engelsk på nett.
- Verksemda møter kritikk når informasjonstekst er skriven på nynorsk.

Tekniske problem

- Nytt sakshandsamingsprogram inneheld ikkje nynorskversjonar av skjema.
- Verksemda får skjemaløysingar levert av eksterne (til dømes nettskjema.no, Webcruiter o.a.), og løysingane er ikkje laga for fleire språk.
- Nettsider på bokmål får fleire treff i søkjemotorane.

Manglande rutinar

- Rutinane «glepp»; det er vanskeleg å halda kontinuiteten i nynorskarbeidet.
- Nynorskarbeid er arbeid i oppoverbakke.
- Verksemda har ikkje ressursar eller budsjett til omsetjing.
- Det tek lang tid å få (fagleg og språkleg) kvalitetssikring av omsette tekstar.

Uklår lovtolking

- Delar av innhaldet på nettsidene fell utanfor verkeområdet til språklova.
- Definisjonen av *skjema* eller *sjølvbeteningssteneste* er uklår.
- Klårspårksparagrafen (§ 9) trumfar vekslingparagrafen (§ 13).
- Omsynet til universell utforming trumfar omsynet til nynorsk.

Kva (språk)arbeid er verksemdene i gang med?

Fleire verksemdar er i gang med

- å laga nye nettsider, nytt CMS, ny plattform
- å laga ny språkprofil eller strategi
- å etablera eit språkpolitisk utval
- å omsetja tekst
- å skaffa rammeavtale med eksterne byrå
- ulike tiltak, som å
 - arrangera nynorskmånad, arrangera språkdag, dela ut språkpris, arrangera konkurransar
 - tilby meir organisert nynorskopplæring
 - leggja vekt på nynorskkompetanse i rekrutteringa, tilsetja folk med nynorsk som hovudspråk i sentrale stillingar der det vert produsert tekst
 - oppmoda dei tilsette / studentar om å bruka meir nynorsk
 - ta i bruk KI-verktøy

c) Tilsynsdialogen

Tilsynsdialogen er ei svært viktig informasjonskjelde for Språkrådet. Han gjer det lettare å forstå kva problem statsorgana støyter på i språkarbeidet, og legg grunnlaget for å gje god rettleiing. For å kunna gje god rettleiing og vera ein informert og aktiv pådrivar for at dei språkpolitiske måla skal verta nådde, er det avgjerande for Språkrådet å forstå korleis

røynda er for statsorgana, korleis utviklinga går framover, og kva for problem dei statlege verksemdene møter på når språklova skal brukast i praksis.

Me har hatt fleire møte med utvalde statsorgan i 2024, mellom anna Nord universitet, Noregs forskingsråd og Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU). På departementsnivå har me gjennomført eit oppfylgingsmøte med Helse- og omsorgsdepartementet.

Me vil i tillegg trekkja fram eit fysisk møte me hadde i Trondheim våren 2025 med ei verksemd som er eit nytt tilsynsobjekt for Språkrådet, nemleg Restaureringsverksemda ved Nidaros domkyrkje. Verksemda ligg under det same departementet som Språkrådet (Kultur- og likestillingsdepartementet). Nettstaden til verksemda er liten og inneheld svært lite nynorsk, og møtet må sjåast på som eit fyrste steg på vegen mot betre lovetterleving. Det er lærerikt for Språkrådet å møta verksemdar som nett har sett i gang ei nynorsksatsing, og me ser fram til å sjå resultatane dei neste åra.

Språkrådet set stor pris på kontakten med alle statsorgana som gjennom 2024 har delt av røynsle sine og gjeve oss eit betre grunnlag for rettleiinga vår.

Utvikling i tilsynet

Språkrådet arbeider jamt og trutt med å utvikla metodane og teknologien for datainnhenting, i nært samarbeid med Nasjonalbiblioteket.

Her er nokre av tiltaka som er gjort i Nasjonalbiblioteket for å utvikla tilsynet i 2024:

- Me ser at ein del (og stadig fleire) statsorgan har nettsider med mykje innhald som er utvikla i programmeringsspråket JavaScript. Ved hjelp av dette språket kan ein leggja til interaktive element på nettsida, såkalla dynamisk innhald. Dette innhaldet vert generert under bruk, i motsetnad til innhaldet på statiske sider, som er klart idet ein har lasta inn sida. Til dømes kan brukaren opna ein tekstboks eller trykkja på ein knapp og såleis velja kva innhald som skal visast. JavaScript-baserte nettsider har vore vanskelege å hausta og analysera automatisk ved hjelp av den teknologien me brukar i dag. Hausteroboten haustar berre det innhaldet han finn på eit visst tidspunkt, ikkje alt som kan genererast av ein brukar. Nasjonalbiblioteket har i 2024 greidd å utvikla ein alternativ haustemetode for JavaScript-baserte nettsider, som til dømes nettsidene til Vinmonopolet og Statsbygg. Det er eit viktig teknisk og metodologisk framsteg at me no er i stand til å hausta slike sider.
- Metoden me nyttar for å avgjera kva språk teksten er skriven på, er forbetra med eit stoppord-filter. Filteret gjer analyseverktøyet meir treffsikkert i klassifiseringa av bokmål og nynorsk, og feilmarginen er redusert.
- I samarbeid med Digitaliseringsorganisasjonen til departementa (DIO) utviklar språkbanken ved Nasjonalbiblioteket eit API for DIO/regjeringa.no. Departementsfellesskapen skal i framtida kunna henta ferdig klassifiserte data for dokumenta sine og presentera dei i ei intern nettløysing.
- Kjeldekode til Målfrid er no open og tilgjengeleg på [Github](#) og som [ei Python-pakke til fri installering](#), slik at det er mogleg for andre å ta kjeldekode i bruk og evaluera han.

Parallelt med den tekniske utviklinga vurderer me stadig kva teksttypar i det hausta materialet som skal vera ein del av den tekstmengda som me fører tilsyn med. I 2024 vurderte Språkrådet om manus for talar som vert haldne av den politiske leiinga hjå departementa, er omfatta av vekslingsplikta i språklova (§ 13). Denne vurderinga vart gjort som svar på eit spørsmål frå Statsministerens kontor, som tok opp saka på vegner av departementsfellesskapen. Me har konkludert med at talemanus skal takast ut av tilsynsdataa våre frå 2025, sidan slike manus for det meste er meinte som støttedokument til ei munnleg, personleg framføring, ikkje som ei sjølvstendig, skriftleg ytring. Språklova gjeld ikkje for munnlege fråsegner.

Resultat for departementa og dei underliggjande verksemdene i 2024

Om statistikken

I dette kapitlet går me gjennom 2024-resultata for departementa, Statsministerens kontor og underliggjande verksemdar. Resultata syner nynorskprosenten i ny tekst på nett og bruken av nynorsk og bokmål i sosiale medium og sjølvbeteningstenester. Når me måler nynorskprosenten på nett, ser me berre på html-tekst på hovudnettstaden til statsorgana. Det vil seia at tilleggsdomene og tekst i vedlegg, som pdf-dokument, ikkje er tekne med. Les meir om dette i metodekapitlet ovanfor.

Kapitlet har to delar. Den fyrste delen inneheld analysar av resultata for departementa og Statsministerens kontor. Den andre delen inneheld éin analyse per sektor, fordelt på kvart departement og dei underliggjande verksemdene.

I tilsynet for 2024 har me valt ut seks tilsynstema for departementa og Statsministerens kontor og fire tilsynstema for dei underliggjande verksemdene. Les meir om tilsynstema i metodekapitlet ovanfor. Analysen for kvar sektor er ein gjennomgang av resultat per tema, gruppert frå 1 til 6 eller frå 1 til 4. Tilsynstema (med unnatak av tema 6) svarer til tekstkategoriar i tabellane, slik:

Tilsynstema for departementa og Statsministerens kontor

Tilsynstema

Tema 1: Nynorskprosent i ny tekst på nett
Tema 2: Nynorskprosent i stortingsdokument 2024
Tema 3: Nynorskprosent i annan nettekst 2024
Tema 4: Nynorskprosent i sosiale medium
Tema 5: Skjema og andre sjølvbeteningstenester
Tema 6: Opplysningsplikta

Tekstkategori i tabellane

Stortingsdok. og annan nettekst samla i 2024
Stortingsdok. 2024
Annan nettekst 2024
So-me 2024
Sjølvbetening
Opplysning

Tilsynstema for underliggjande verksemdar

Tilsynstema

Tema 1: Nynorskprosent i ny tekst på nett
Tema 2: Nynorskprosent i sosiale medium
Tema 3: Skjema og andre sjølvbeteningstenester
Tema 4: Opplysningsplikta

Tekstkategori i tabellane

Html 2024
So-me 2024
Sjølvbetening
Opplysning

Oversikt over resultata for alle departementa

Hovudresultat

Departement	\$ 20 Opplysning	\$ 14 Sjølvbetening			\$ 13 Veksling			
					So-me 2024	Stortingsdok. 2024	Annan nettekst 2024	Stortingsdok. og annan nettekst samla 2024
Energidepartementet	✓	0			39 %	93 %	26 %	71 %
Barne- og familiedepartementet	✓	24 av 24	✓		53 %	56 %	35 %	52 %
Kommunal- og distriktsdepartementet	✓	2 av 5	✗		50 %	63 %	36 %	49 %
Kunnskapsdepartementet	✓	0			33 %	56 %	20 %	44 %
Landbruks- og matdepartementet	✓	0			100 %	35 %	35 %	35 %
Statsministerens kontor	✓	0			27 %	52 %	22 %	35 %
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	✓	0			17 %	40 %	13 %	34 %
Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet	✓	0			33 %	23 %	28 %	25 %
Justis- og beredskapsdepartementet	✓	3 av 3	✓		36 %	19 %	5 %	16 %
Forsvarsdepartementet	✓	0			14 %	15 %	10 %	13 %
Samferdselsdepartementet	✓	0			21 %	13 %	11 %	12 %
Helse- og omsorgsdepartementet	✓	0			34 %	9 %	13 %	11 %
Nærings- og fiskeridepartementet	✓	0			3 %	13 %	5 %	10 %
Klima- og miljødepartementet	✓	12 av 12	✓		11 %	13 %	4 %	10 %
Utanriksdepartementet	✓	3 av 3	✓		11 %	8 %	10 %	9 %
Finansdepartementet	✓	0			11 %	7 %	5 %	7 %
Kultur- og likestillingsdepartementet	✓	6 av 7	✗		41 %	5 %	6 %	5 %
					Mengd nynorske postar i so-me			Mengd nynorsk samla på regjeringa.no
					28 %			22 %

Forklaring: Under «Mengd nynorske postar i so-me» oppgjev me den samla nynorskprosenten i sosiale medium for alle departementa under eitt (28 prosent). Under «Mengd nynorsk samla på regjeringa.no» oppgjev me den samla nynorskprosenten i ny tekst på nett (stortingsdokument og annan nettekst) for alle departementa under eitt (22 prosent).

Energidepartementet, Barne- og familiedepartementet, Kunnskapsdepartementet, Landbruks- og matdepartementet⁹, Statsministerens kontor, Arbeids- og integreringsdepartementet¹⁰ og Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet utmerkjer seg positivt. Dei stetta alle lovkrava som dei vart vurderte etter for 2024. Talet på departement som stettar alle lovkrava, har auka frå fire i 2023 til sju i 2024. Kommunal- og distriktdepartementet fylgjer regelverket på ein god måte når me ser alle temaa under eitt, sjølv om departementet ikkje har alle skjema og andre sjølvbeteningstenester på både skriftspråka. Diverre har nokre av departementa som gjorde det godt i 2023, gjort det klårt dårlegare i 2024.

Tabellen syner at ni departement¹¹ stettar kravet for nynorsk i sosiale medium, og det er ein auke frå seks departement i 2023. Seks departement¹² stettar kravet i stortingsdokument. Det er ein nedgang frå åtte i 2023. Fem departement stettar kravet i annan nettekst i 2024. Det er ein auke frå tre i 2023.

Veksling i ny tekst på nett (stortingsdokument og annan nettekst)

Resultata for 2024 syner at åtte av 17 departement (ca. 47 prosent) stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i stortingsdokument og annan nettekst samla, altså tekst som er publisert på regjeringa.no i 2024. I 2023 stetta seks av 16 departement (ca. 38 prosent) kravet samla. Den gjennomsnittlege samla nynorskprosenten¹³ for departement er 22, ned frå 25 prosent i 2023. Departementa under eitt stettar dermed ikkje lovkravet i 2024.

Me ser at nynorskproduksjonen svingar frå år til år. I 2024 hadde nokre departement eit mykje svakare resultat enn i 2023, til dømes Klima- og miljødepartementet (frå 62 prosent til 10 prosent nynorsk samla sett) og Kultur- og likestillingsdepartementet (frå 22 prosent til 5 prosent samla sett). Det er fleire moglege årsaker til at nynorskarbeidet i departementa er ujamt. Det kan vera at dei manglar oversyn over tekstarbeidet, at dei ikkje har planlagt eigen nynorskproduksjon godt nok, eller at nynorskarbeidet er for avhengig av einskildpersonar.

Statistikken syner i år òg at departementa etterlever lova i ulik grad. Tabellen syner at ni av 17 departement har skrive for lite nynorsk på nett i 2024, når me vurderer stortingsdokument og annan nettekst samla. Av desse ni har dei fylgjande åtte departementa ein nynorskprosent på under 15 i stortingsdokument og annan nettekst samla i 2024: Finansdepartementet, Forsvarsdepartementet, Helse- og

⁹Landbruks- og matdepartementet publiserte berre eitt innlegg i sosiale medium i 2024, og det er difor klårt at dette tekstvolumet ikkje har hatt noko å seia for vekslinga i den totale tekstmengda til departementet.

¹⁰Arbeids- og integreringsdepartementet stettar ikkje kravet for sosiale medium isolert sett, men fordi nynorskprosenten i ny tekst på nett er 34, stettar departementet truleg vekslingskravet samla sett. Departementet rapporterer om rundt 100 innlegg i sosiale medium i 2024, og det er difor ikkje sannsynleg at dette innhaldet påverkar den totale vekslingsprosenten noko særleg.

¹¹Landbruks- og matdepartementet har berre publisert eitt innlegg, og det er ikkje praktisk å veksla mellom skriftspråk i same innlegg. Departementet ligg godt over kravet for dei andre teksttypene som er omfatta av språkløva § 13.

¹²Energidepartementet har for lite bokmål i stortingsdokumenta sine og stettar difor ikkje kravet for dette tilsynstemaet isolert for 2024.

¹³Med «samla nynorskprosent» meiner me i denne samanhengen alle stortingsdokument (proposisjonar og meldingar utan vedlegg) og ny nettekst på regjeringa.no (som er omfatta av vekslingsplikta i § 13) for 2024.

omsorgsdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Kultur- og likestillingsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Samferdselsdepartementet og Utanriksdepartementet. I tida framover er det særleg viktig at desse departementa brukar nynorsk meir.

Stortingsdokument

I 2023 hadde departementa for fyrste gong sidan målingane starta i 1984, ein samla nynorskprosent på over 25 i stortingsdokument¹⁴ (jf. tilsynsrapporten for 2023, der me gav opp ein samla nynorskprosent på ca. 30). Også i 2024 hadde departementa meir nynorsk i stortingsdokumenta enn minstekravet: Den samla nynorskprosenten i stortingsdokument for alle departementa under eitt var på mellom 25 og 26,5.

Sosiale medium

Ni departement stettar kravet til veksling mellom bokmål og nynorsk i sosiale medium (mot seks departement i 2023). Alle departementa under eitt har 28 prosent nynorsk i sosiale medium (mot 25 prosent i 2023).

Annan nettekst på regjeringa.no i 2024

Nynorskbruken til departementa er i 2024 igjen jamt over prosentvis høgare i stortingsdokument enn i annan nettekst. Likevel er det i 2024 fem departement som ligg over minstekravet til nynorsk i andre nettekstar. Det er ein auke frå tre departement i 2023. I kategorien «annan nettekst» finn me mellom anna pressemeldingar, nyhendesaker og rettleiingar.

Skjema og andre sjølvbeteningstenester

Seks departement (like mange som i 2023) opplyser at dei har skjema og andre sjølvbeteningstenester. Fire av dei (Barne- og familiedepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Klima- og miljødepartementet og Utanriksdepartementet) har alle skjemaa og sjølvbeteningstenestene på nynorsk og bokmål. Dette er ein auke frå 2023, då berre to av dei seks departementa som hadde skjema og sjølvbeteningstenester, hadde alle tilgjengelege på nynorsk og bokmål.

Opplysningsplikta

Den positive utviklinga me såg på dette området i 2023, har halde fram. Departementa har stetta § 20 i språklova fullt ut ved å senda Språkrådet all den informasjonen me har bede om. Det er eit sær sars gledeleg resultat.

¹⁴Stortingsproposisjonar og -meldingar utan vedlegg.

Analyse av resultata for departementa med underliggjande verksemd¹⁵

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Resultata for departementet per tilsynstema

Tema 1

Nynorskprosenten i ny tekst på nett (stortingsdokument og annan nettekst) er 34 i 2024 (11 i 2023). Departementet stettar dermed kravet til veksling med god margin.

Tema 2

Nynorskprosenten i stortingsdokument er 40 i 2024 (12 i 2023). Departementet stettar kravet til veksling.

Tema 3

Nynorskprosenten i annan nettekst er 13 i 2024 (7 i 2023). Departementet er framleis eit stykke unna å stetta kravet til veksling.

Tema 4

Nynorskprosenten i sosiale medium er 17 i 2024 (22 i 2023). Departementet stettar ikkje kravet til veksling i 2024.

Tema 5

Departementet har ikkje eigne skjema eller andre sjølvbeteningstenester og skal difor ikkje vurderast etter dette tilsynstemaet.

Tema 6

Departementet har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og det oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Departementet stettar kravet innanfor tre av dei seks tilsynstemaane me har vurdert for 2024. Kravet om parallell bruk av bokmål og nynorsk i skjema og andre sjølvbeteningstenester (§ 14) skal ikkje vurderast, sidan departementet ikkje har slike tenester. Vekslingskravet (§ 13) er ikkje oppfylt i annan nettekst eller i sosiale medium, men fordi nynorskprosenten i ny tekst på nett er 34, stettar departementet truleg vekslingskravet samla sett. Departementet rapporterer om rundt 100 innlegg i sosiale medium i 2024, og det er difor ikkje sannsynleg at dette innhaldet påverkar den totale vekslingsprosenten noko særleg. Departementet har brukt nynorsk mykje meir enn i 2023, særleg i stortingsdokument. Difor fortener departementet ros for godt arbeid med nynorsken og stor framgang i året som har gått. Auken i bruken av nynorsk gjer at departementet stettar alle krava som me har vurdert for 2024, og det skil seg dermed ut som eitt av sju departement som stettar alle lovkrava.

¹⁵I det fylgjande gjer me merksam på eit avrundingsavvik på opptil 1 prosent i tala i tabellane.

Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema

Dep	Verksemder under Arbeids- og inkluderingsdepartementet	§ 20 Opplysning	§ 14 Sjølvbetening				§ 13 Veksling	
			Antal parallele tenester		Totalt antal tenester		So-me 2024	Html 2024
AID	Arbeidsretten	✓	0	av	0			68 %
AID	Statens arbeidsmiljøinstitutt	✓	6	av	8	✗	39 %	28 %
AID	Statens pensjonskasse	✓	2	av	5	✗	37 %	20 %
AID	Riksmekleren	✓	0	av	0			10 %
AID	Arbeidstilsynet	✓	38	av	49	✗	31 %	6 %
AID	Maritim pensjonskasse	✓	0	av	2	✗		5 %
AID	Arbeids- og velferdsdirektoratet	✓	179	av	208	✗	16 %	4 %
AID	Integrerings- og mangfaldsdirektoratet	✓	0	av	7	✗	0 %	1 %
AID	Trygderetten	✓	0	av	0		0 %	0 %

Tema 1

To verksemder (Arbeidsretten og Statens arbeidsmiljøinstitutt) stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i ny tekst på nett. Merk at Arbeidsretten ser ut til å ha publisert lite ny nettekst (på både bokmål og nynorsk) i 2024¹⁶, og tala må difor lesast med dette atterhaldet.

To verksemder (Statens pensjonskasse¹⁷ og Riksmekleren) har ein nynorskprosent på mellom 10 og 20 og er dermed eit stykke unna å stetta kravet.

To verksemder (Arbeidstilsynet og Maritim pensjonskasse) har ein nynorskprosent på under 10 og er langt frå å stetta kravet.

Tre verksemder (Arbeids- og velferdsdirektoratet, Integrerings- og mangfaldsdirektoratet og Trygderetten¹⁸) har ein nynorskprosent på under 5 og er særst langt frå å stetta kravet.

Tema 2

Seks av ni verksemder opplyser at dei brukar sosiale medium. Av desse seks er det tre som stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i sosiale medium (Statens arbeidsmiljøinstitutt, Statens pensjonskasse og Arbeidstilsynet).

Tema 3

Seks verksemder opplyser at dei har skjema og andre sjølvbeteningstenester. Ingen av desse har alt materialet tilgjengeleg på båe skriftspråka.

Tema 4

Alle dei ni verksemdene i sektoren har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og dei oppfyller opplysningsplikta.

¹⁶Målfrid har registrert at Arbeidsretten har publisert om lag 3000 ord på bokmål og nynorsk til saman i 2024.

¹⁷Statens pensjonskasse har 23 prosent nynorsk i alt tilgjengeleg innhald.

¹⁸Trygderetten har 24 prosent nynorsk i alt tilgjengeleg innhald.

Kommentar

Arbeidsretten stettar kravet innanfor alle dei fire tilsynstema me har vurdert for 2024. Statens arbeidsmiljøinstitutt har gode resultat og stettar kravet til veksling. Berre nokre få sjølvbeteningstenester som ikkje finst på nynorsk, gjer at verksemda ikkje stettar kravet innanfor alle dei fire tilsynstema i 2024. Dersom verksemda held fram med det gode nynorskarbeidet, kjem ho truleg til å stetta alle krava i 2025.

Barne- og familiedepartementet

Resultata for departementet per tilsynstema

Tema 1

Nynorskprosenten i ny tekst på nett (stortingsdokument og annan nettekst) er 52 i 2024 (33 i 2023). Departementet stettar kravet til veksling. Departementet har ein særskild høg nynorskprosent.

Tema 2

Nynorskprosenten i stortingsdokument er 56 i 2024 (45 i 2023). Departementet stettar kravet til veksling.

Tema 3

Nynorskprosenten i annan nettekst er 35 i 2024 (14 i 2023). Departementet stettar kravet til veksling med god margin.

Tema 4

Nynorskprosenten i sosiale medium er 53 i 2024 (48 i 2023). Departementet stettar kravet til veksling.

Tema 5

Departementet har opplyst at alle skjema og andre sjølvbeteningstenestene finst på både skriftspråka. Departementet stettar dermed kravet om parallell bruk av bokmål og nynorsk innanfor dette tilsynstemaet.

Tema 6

Departementet har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og det oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Departementet stettar kravet innanfor alle dei seks tilsynstema. Departementet skil seg ut som eitt av sju departement som stettar alle lovkrava som me har vurdert for 2024. Departementet var nær ved å stetta krava samla sett i 2023 og fortener ros for at det har fylgt regelverket fullt ut i 2024. Særleg framgang syner departementet når det gjeld tilsynstemaet annan nettekst, der nynorskprosenten har auka frå 14 til 35 på berre eitt år.

Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema¹⁹

Dep	Verksemder under Barne- og familiedepartementet	§ 20 Opplysning	§ 14 Sjølvbetening			§ 13 Veksling	
			Antal parallelle tenester	av	Totalt antal tenester	So-me 2024	Html 2024
BFD	Barneverns- og helsenemnda	✓	7	av	7	✓	16 % 33 %
BFD	Barneombodet	✓	1	av	1	✓	26 % 8 %
BFD	Forbrukartilsynet	✓	0	av	4	✗	27 % 6 %
BFD	Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet	✓	14	av	20	✗	5 % 6 %
BFD	Forbrukarrådet	✓	9	av	30	✗	37 % 5 %

Tema 1

Éi verksemd (Barneverns- og helsenemnda) stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i ny tekst på nett.

Dei resterande fire verksemdene (Barneombodet, Forbrukartilsynet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet og Forbrukarrådet) har ein nynorskprosent på under 10 og er dermed langt frå å stetta kravet til veksling.

Tema 2

Tre verksemder (Barneombodet, Forbrukartilsynet og Forbrukarrådet) stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i sosiale medium.

Tema 3

Fem verksemder opplyser at dei har skjema og andre sjølvbeteningstenester. Av desse har to verksemder (Barneverns- og helsenemnda og Barneombodet) alt materialet tilgjengeleg på både skriftspråka.²⁰

Tema 4

Alle dei fem verksemdene i sektoren har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og dei oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Ingen av dei underliggjande verksemdene stettar kravet innanfor alle dei fire tilsynstema me har vurdert for 2024.

Barneverns- og helsenemnda er svært nær ved å stetta alle krava. Nemnda er over kravet i ny nettekst (33 prosent nynorsk) og har 16 prosent nynorsk i sosiale medium. Talet på innlegg i sosiale medium sett opp mot talet for nynorskord for tilsynstemaet «nynorskprosent i ny tekst på nett», tyder på at nemnda truleg stettar kravet til veksling og dermed stettar alle krava me har vurdert for 2024.²¹

¹⁹Me har ikkje ført tilsyn med Allstad (tidlegare Opplysningsvesenets fond) i 2024.

²⁰Forbrukartilsynet hadde alle skjema og sjølvbeteningstenester i parallelle versjonar i 2023. Verksemda har meldt om at dei i 2024 tok i bruk eit nytt sakshandsamingssystem, og at nynorskversjonar av skjema ikkje er tilgjengelege enno.

²¹Barneverns- og helsenemnda har berre publisert ca. 2500 ord på både skriftspråka (ca. 800 ord på nynorsk) i 2024, og resultata må lesast med dette atterhaldet.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet²²

Resultata for departementet per tilsynstema

Tema 1

Nynorskprosenten i ny tekst på nett (stortingsdokument og annan nettekst) er 25 i 2024. Departementet stettar kravet til veksling.

Tema 2

Nynorskprosenten i stortingsdokument er 23 i 2024. Departementet er nær ved å stetta kravet til veksling.

Tema 3

Nynorskprosenten i annan nettekst er 28 i 2024. Departementet stettar kravet til veksling.

Tema 4

Nynorskprosenten i sosiale medium er 33 i 2024. Departementet stettar kravet til veksling.

Tema 5

Departementet har ikkje eigne skjema eller andre sjølvbeteningstenester og skal difor ikkje vurderast etter dette tilsynstemaet.

Tema 6

Departementet har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og det oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Departementet stettar kravet innanfor fire av dei seks tilsynstema me har vurdert for 2024. Kravet om parallell bruk (§ 14) skal ikkje vurderast, sidan departementet ikkje har slike tenester. Departementet skil seg ut som eitt av sju departement som stettar alle lovkrava som me har vurdert for 2024, og skal ha ros for at det stettar krava allereie i fyrste driftsår.

Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema

Dep	Verksemder under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet	§ 20 Opplysning	§ 14 Sjølvbetening			§ 13 Veksling	
			Antal parallelle tenester		Totalt antal tenester	So-me 2024	Html 2024
DFD	Digitaliseringsdirektoratet	✓	10	av	12	✗	49 %
DFD	Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa	✓	0	av	2	✗	17 %
DFD	Statsbygg	✓	0	av	1	✗	28 %
DFD	Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit	✓	6	av	55	✗	4 %
DFD	Datatilsynet	✓	0	av	5	✗	11 %

Tema 1

Éi verksemd (Digitaliseringsdirektoratet) stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i ny tekst på nett. Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa

²²Departementet starta formelt verksemda si 1. januar 2024, og me har difor ikkje historiske data.

er nær ved å stetta kravet i ny tekst på nett. Verksemda har 27 prosent nynorsk i alt tilgjengeleg innhald på hovudnettstaden og stettar dermed kravet samanlagt.

To verksemder (Statsbygg²³ og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit) har ein nynorskprosent i ny nettekst på under 10 og er dermed langt frå å stetta kravet.

Éi verksemd (Datatilsynet) har ein nynorskprosent på under 5 og er dermed særst langt frå å stetta kravet.

Tema 2

To verksemder (Digitaliseringsdirektoratet og Statsbygg) stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i sosiale medium.

Tema 3

Alle verksemdene opplyser at dei har skjema og andre sjølvbeteningstenester. Ingen av verksemdene har alt materialet tilgjengeleg på både skriftspråka.

Tema 4

Alle dei fem verksemdene i sektoren har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og dei oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Ingen av dei underliggjande verksemdene stettar kravet innanfor dei fire tilsynstema me har vurdert for 2024. Digitaliseringsdirektoratet er nærmast og fortener ros for mykje godt nynorskarbeid i 2024. Særleg vil me peika på at direktoratet gjekk frå 13 til 49 prosent nynorsk i sosiale medium frå 2023 til 2024.

²³På grunn av mykje JavaScript-innhald var det krevjande å hausta statsbygg.no i 2024, sjølv om me nytta moderne metodar som særleg er meinte for slikt innhald. Truleg har me difor ikkje eit komplett haustemateriale for Statsbygg for 2024.

Energidepartementet²⁴

Resultata for departementet per tilsynstema

Tema 1

Nynorskprosenten i ny tekst på nett (stortingsdokument og annan nettekst) er 71 i 2024 (39 i 2023), og departementet stettar dermed kravet til veksling. Departementet har ein særskild høg nynorskprosent, men det kan koma til å gå ut over bokmålet.

Tema 2

Nynorskprosenten i stortingsdokument er 93 i 2024 (45 i 2023). Departementet stettar ikkje kravet til veksling i 2024, sidan nynorskprosenten er over 75.

Tema 3

Nynorskprosenten i annan nettekst er 26 i 2024 (25 i 2023). Departementet stettar kravet til veksling.

Tema 4

Nynorskprosenten i sosiale medium er 39 i 2024 (35 i 2023). Departementet stettar kravet til veksling.

Tema 5

Departementet har ikkje eigne skjema eller andre sjølvbeteningstenester og skal difor ikkje vurderast etter dette tilsynstemaet.

Tema 6

Departementet har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og det oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Departementet stettar kravet innanfor fire av dei seks tilsynstemaane me har vurdert for 2024. Kravet om parallell bruk av bokmål og nynorsk i skjema og andre sjølvbeteningstenester (§ 14) skal ikkje vurderast, sidan departementet ikkje har slike tenester. Departementet skil seg ut som eitt av sju departement som stettar alle lovkrava som me har vurdert for 2024.

²⁴Departementet endra namn frå Olje- og energidepartementet til Energidepartementet 1. januar 2024.

Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema

Dep	Verksemder under Energidepartementet	§ 20 Opplysning	§ 14 Sjølvbetening			§ 13 Veksling	
			Antal parallele tenester		Totalt antal tenester	So-me 2024	Html 2024
ED	Havindustritilsynet	✓	0	av	6	✗	13 %
ED	Noregs vassdrags- og energidirektorat	✓	28	av	28	✓	12 %
ED	Sokkeldirektoratet	✓	9	av	11	✗	8 %

Tema 1

Ingen av verksemdene stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i ny tekst på nett. Alle verksemdene (Havindustritilsynet, Sokkeldirektoratet²⁵ og Noregs vassdrags- og energidirektorat) har ein nynorskprosent på under 10 og er dermed langt frå å stetta kravet.

Tema 2

Ingen av verksemdene stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i sosiale medium. Havindustritilsynet er nærmast, med ein nynorskprosent på 13.

Tema 3

Alle verksemdene opplyser at dei har skjema og andre sjølvbeteningstenester. Ei verksemd (Noregs vassdrags- og energidirektorat) har alt materialet tilgjengeleg på både skriftspråka.

Tema 4

Alle dei tre verksemdene i sektoren har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og dei oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Ingen av dei underliggjande verksemdene stettar kravet innanfor alle dei fire tilsynstema me har vurdert for 2024.

²⁵Merk at nynorskprosenten for Sokkeldirektoratet var 1 etter haustinga. Direktoratet har opplyst Språkrådet om at ein sær stor del av ordmengda på sodir.no kjem frå eit underdomene: factpages.sodir.no. Underdomenet er i hovudsak ei spegling av databasane til direktoratet, der operatørane sjølve melder inn data om eiga verksemd på sokkelen. Sidan direktoratet ikkje produserer teksten sjølve, har me sila ut heile underdomenet factpages.sodir.no. Ordmengda for ny tekst på nett er difor litt under 500 000 ord (bokmål og nynorsk til saman), og ikkje nesten 7 millionar ord, som før utsilinga. Dette gjev ein ny nynorskprosent på 9 (ca. 43 000 ord på nynorsk).

Finansdepartementet

Resultata for departementet per tilsynstema

Tema 1

Nynorskprosenten i ny tekst på nett (stortingsdokument og annan nettekst) er 7 i 2024 (10 i 2023), og departementet stettar dermed ikkje kravet til veksling. Departementet har ein låg nynorskprosent.

Tema 2

Nynorskprosenten i stortingsdokument er 7 i 2024 (12 i 2023). Departementet stettar ikkje kravet til veksling.

Tema 3

Nynorskprosenten i annan nettekst er 5 i 2024 (6 i 2023). Departementet er dermed langt frå å stetta kravet.

Tema 4

Nynorskprosenten i sosiale medium er 11 i 2024 (0 i 2023). Departementet stettar ikkje kravet til veksling.

Tema 5

Departementet har ikkje eigne skjema eller andre sjølvbeteningstenester og skal difor ikkje vurderast etter dette tilsynstemaet.

Tema 6

Departementet har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og det oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Departementet stettar kravet innanfor eitt av dei seks tilsynstema me har vurdert for 2024 (opplysningsplikta). Kravet om parallell bruk av bokmål og nynorsk i skjema og andre sjølvbeteningstenester (§ 14) skal ikkje vurderast, sidan departementet ikkje har slike tenester. Departementet stettar ikkje vekslingskravet (§ 13), korkje i ny tekst på nett eller i sosiale medium, men det er positivt at departementet i år har nokre innlegg i sosiale medium på nynorsk.

Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema

Dep	Verksemder under Finansdepartementet	§ 20 Opplysning	§ 14 Sjølvbetening				§ 13 Veksling	
			Antal parallele tenester		Totalt antal tenester		So-me 2024	Html 2024
FIN	Finanstilsynet	✓	122	av	145	✗	29 %	27 %
FIN	Statistisk sentralbyrå	✓	201	av	208	✗	25 %	15 %
FIN	skatteetaten	✓	186	av	248	✗	6 %	5 %
FIN	tolletaten	✓	39	av	42	✗	26 %	5 %
FIN	Noregs Bank	✓	5	av	10	✗	0 %	2 %
FIN	Direktoratet for forvaltning og økonomistyring	✓	39	av	53	✗	17 %	2 %

Tema 1

Éi verksemd (Finanstilsynet) stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i ny tekst på nett.

Éi verksemd (Statistisk sentralbyrå) har ein nynorskprosent på mellom 10 og 20 og er dermed eit stykke unna å stetta kravet til veksling.

To verksemder (skatteetaten og tolletaten) har ein nynorskprosent på under 10 og er dermed langt frå å stetta kravet. Skatteetaten har delvis parallele nettsider, med valfri bokmåls- og nynorskversjon, men haustinga syner at det er lite innhald på nynorsk i nettekstane (html-innhald).

Dei resterande to verksemdene (Noregs Bank og Direktoratet for forvaltning og økonomistyring) har ein nynorskprosent på under 5 og er dermed særst langt frå å stetta kravet.

Tema 2

Tre verksemder (Finanstilsynet, Statistisk sentralbyrå og tolletaten) stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i sosiale medium.

Tema 3

Alle verksemdene opplyser at dei har skjema og andre sjølvbeteningstenester, men ingen av dei har alt materialet tilgjengeleg på både skriftspråka. Statistisk sentralbyrå er likevel nær ved å stetta kravet.

Tema 4

Alle dei seks verksemdene i sektoren har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og dei oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Ingen av dei underliggjande verksemdene stettar kravet innanfor alle dei fire tilsynstemaane har vurdert for 2024. Finanstilsynet stettar likevel tre av dei fire krava og skal ha ros for å ha auka vekslingsprosenten frå 13 til 26 på berre eitt år. Dersom verksemda held fram med det gode nynorskarbeidet, vil ho truleg stetta alle krava i 2025.

Forsvarsdepartementet

Resultata for departementet per tilsynstema

Tema 1

Nynorskprosenten i ny tekst på nett (stortingsdokument og annan nettekst) er 13 2024 (13 i 2023), og departementet stettar ikkje kravet til veksling. Departementet ligg difor eit stykke unna å stetta kravet til veksling.

Tema 2

Nynorskprosenten i stortingsdokument er 15 i 2024 (12 i 2023). Departementet stettar ikkje kravet til veksling.

Tema 3

Nynorskprosenten i annan nettekst er 10 i 2024 (19 i 2023). Departementet er eit stykke unna å stetta kravet.

Tema 4

Nynorskprosenten i sosiale medium er 14 i 2024 (11 i 2023). Departementet stettar ikkje kravet til veksling.

Tema 5

Departementet har ikkje eigne skjema eller andre sjølvbeteningstenester og skal difor ikkje vurderast etter dette tilsynstemaet.

Tema 6

Departementet har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og det oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Departementet stettar kravet innanfor eitt av dei seks tilsynstema me har vurdert for 2024 (opplysningsplikta). Kravet om parallell bruk av bokmål og nynorsk i skjema og andre sjølvbeteningstenester (§ 14) skal ikkje vurderast, sidan departementet ikkje har slike tenester. Vekslingskravet (§ 13) er ikkje oppfylt, korkje i ny tekst på nett eller i sosiale medium.

Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema

Dep	Verksemder under Forsvarsdepartementet	§ 20 Opplysning	§ 14 Sjølvbetening			§ 13 Veksling	
			Antal parallele tenester		Totalt antal tenester	So-me 2024	Html 2024
FD	Forsvarets forskingsinstitutt	✓	1	av	2	✗	30 %
FD	Forsvarsbygg	✓	0	av	1	✗	3 %
FD	Forsvaret	✓	2	av	70	✗	5 %

Tema 1

Ingen av verksemdene stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i ny tekst på nett.

To verksemder (Forsvarets forskingsinstitutt²⁶ og Forsvarsbygg) har ein nynorskprosent på mellom 10 og 20 og er dermed eit stykke unna å stetta kravet.

Éi verksemd (Forsvaret) har ein nynorskprosent på under 10 og er dermed langt frå å stetta kravet.

Tema 2

Éi verksemd (Forsvarets forskingsinstitutt) stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i sosiale medium.

Tema 3

Alle verksemdene opplyser at dei har skjema eller andre sjølvbeteningstenester, men ingen av dei har alt materialet tilgjengeleg på både skriftspråka.

Tema 4

Alle dei tre verksemdene i sektoren har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og dei oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Ingen av dei underliggjande verksemdene stettar kravet innanfor alle dei fire tilsynstema me har vurdert for 2024.

²⁶Forsvarets forskingsinstitutt (FFI) meiner at tekstar som er skrivne av forskarar, kjem inn under unnataket i språklova § 3 fjerde ledd. Unnataket går ut på at reglane om veksling berre gjeld for den administrative delen av verksemda for universiteta, statlege høgskular og andre statlege skular. Slik lova er utforma, meiner Språkrådet at det er lite truleg at andre tilsynsobjekt enn dei som er nemnde eksplisitt, er unnatekne. Me vil difor ikkje gjera endringar for FFI i tilsynet for 2024. Språkrådet held på med ei utgreiing om kva som ligg i unnataket i § 3 fjerde ledd, og innvendinga til FFI er eit døme på spørsmål som me vil drøfta der.

Helse- og omsorgsdepartementet

Resultata for departementet per tilsynstema

Tema 1

Nynorskprosenten i ny tekst på nett (stortingsdokument og annan nettekst) er 11 i 2024 (17 i 2023), og departementet stettar difor ikkje kravet til veksling. Departementet er eit stykke unna å stetta kravet til veksling.

Tema 2

Nynorskprosenten i stortingsdokument er 9 i 2024 (31 i 2023). Departementet stettar ikkje kravet til veksling.

Tema 3

Nynorskprosenten i annan nettekst er 13 i 2024 (3 i 2023). Departementet er eit stykke unna å stetta kravet til veksling.

Tema 4

Nynorskprosenten i sosiale medium er 34 i 2024 (47 i 2023). Departementet stettar kravet til veksling.

Tema 5

Departementet har ikkje eigne skjema eller andre sjølvbeteningstenester og skal difor ikkje vurderast etter dette tilsynstemaet.

Tema 6

Departementet har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og det oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Departementet stettar kravet innanfor to av dei seks tilsynstema me har vurdert for 2024. Kravet om parallell bruk av bokmål og nynorsk i skjema og andre sjølvbeteningstenester (§ 14) skal ikkje vurderast, sidan departementet ikkje har slike tenester. Departementet stettar ikkje vekslingskravet (§ 13) i ny tekst på nett, men stettar det i sosiale medium.

Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema

Dep	Verksemder under Helse- og omsorgsdepartementet	§ 20 Opplysning	§ 14 Sjølvbetening			§ 13 Veksling	
			Antal parallelle tenester		Totalt antal tenester	So-me 2024	Htmi 2024
HOD	Nasjonalt klageorgan for helsetenesta	✓	10	av	10	✓	52 %
HOD	Norsk pasientskadeerstatning	✓	9	av	11	✗	38 %
HOD	Norsk helsenett	✓	79	av	120	✗	28 %
HOD	Sjukehusinnkjøp HF	✓	0	av	0		23 %
HOD	Statens helsetilsyn	✓	4	av	4	✓	18 %
HOD	Bioteknologirådet	✓	2	av	2	✓	17 %
HOD	Helfo	✓	47	av	83	✗	15 %
HOD	Direktoratet for strålevern og atomtryggleik	✓	21	av	21	✓	9 %
HOD	Folkehelseinstituttet	✓	9	av	74	✗	4 %
HOD	Direktoratet for medisinske produkt	✓	20	av	65	✗	3 %
HOD	Vinmonopolet	✓	0	av	1	✗	2 %
HOD	Helsedirektoratet	✓	100	av	200	✗	1 %

Tema 1

Tre verksemder (Nasjonalt klageorgan for helsetenesta, Norsk pasientskadeerstatning og Norsk helsenett) stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i ny tekst på nett.

Éi verksemd (Sjukehusinnkjøp HF²⁷) har ein nynorskprosent på mellom 21 og 24 og er difor nær ved å stetta kravet til veksling.

Tre verksemder (Statens helsetilsyn, Bioteknologirådet og Helfo) har ein nynorskprosent på mellom 10 og 20 og er difor eit stykke unna å stetta kravet til veksling. Helfo har ein nynorskprosent på 27 for alt tilgjengeleg innhald på hovudnettstaden og stettar dermed likevel kravet til veksling over tid.

Éi verksemd (Direktoratet for strålevern og atomtryggleik) har ein nynorskprosent på under 10 og er langt frå å stetta kravet til veksling.

Fire verksemder (Folkehelseinstituttet, Direktoratet for medisinske produkt, Vinmonopolet og Helsedirektoratet) har ein nynorskprosent på under 5 og er dermed særst langt frå å stetta kravet til veksling.

Tema 2

Fem verksemder (Nasjonalt klageorgan for helsetenesta, Statens helsetilsyn, Bioteknologirådet, Direktoratet for strålevern og atomtryggleik og Helsedirektoratet) stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i sosiale medium.

Tema 3

Elleve verksemder opplyser at dei har skjema og andre sjølvbeteningstenester. Av desse har fire (Nasjonalt klageorgan for helsetenesta, Bioteknologirådet, Statens helsetilsyn og Direktoratet for strålevern og atomtryggleik) alt materialet tilgjengeleg på både skriftspråka.

²⁷Sjukehusinnkjøp HF har berre publisert 2400 ord i ny tekst på nett i 2024 (både skriftspråka). Resultata må lesast med dette atterhaldet.

Tema 4

Alle dei tolv verksemdene i sektoren har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og dei oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Éi verksemd (Nasjonalt klageorgan for helsetenesta) stettar kravet innanfor alle dei fire tilsynstema me har vurdert for 2024. Verksemda skal ha ros for å halda fram med det gode nynorskarbeidet. Norsk helsenett er nær ved å stetta alle krava.

Justis- og beredskapsdepartementet

Resultata for departementet per tilsynstema

Tema 1

Nynorskprosenten i ny tekst på nett (stortingsdokument og annan nettekst) er 16 i 2024 (13 i 2023), og departementet stettar ikkje kravet til veksling. Departementet er dermed eit stykke unna å stetta kravet til veksling.

Tema 2

Nynorskprosenten i stortingsdokument er 19 i 2024 (19 i 2023). Departementet stettar ikkje kravet til veksling.

Tema 3

Nynorskprosenten i annan nettekst er 5 i 2024 (2 i 2023). Departementet er langt frå å stetta kravet til veksling.

Tema 4

Nynorskprosenten i sosiale medium er 36 i 2024 (23 i 2023), og departementet stettar kravet til veksling. Departementet var nær ved å stetta kravet i 2023, og det er særst positivt at det etterlever lovkravet i 2024.

Tema 5

Departementet har opplyst at alle skjema og andre sjølvbeteningstenester finst på både skriftspråka, og det stettar dermed kravet om parallell bruk av bokmål og nynorsk.

Tema 6

Departementet har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og det oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Departementet stettar kravet innanfor tre av dei seks tilsynstema me har vurdert for 2024. Vekslingskravet (§ 13) er oppfylt i sosiale medium, men ikkje i ny tekst på nett. Kravet om parallell bruk av bokmål og nynorsk i skjema og andre sjølvbeteningstenester (§ 14) er stetta, som i 2023.

Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema

Dep	Verksemder under Justis- og beredskapsdepartementet	§ 20 Opplysning	§ 14 Sjølvbetening			§ 13 Veksling	
			Antal parallele tenester	av	Totalt antal tenester	So-me 2024	Htmi 2024
JD	Nasjonalt ID-senter	✓	3	av	3	✓	27 %
JD	Utlendingsdirektoratet	✓	59	av	64	✗	25 %
JD	Kontoret for valdsoffererstatning	✓	6	av	7	✗	26 %
JD	Konfliktrådet	✓	0	av	5	✗	2 %
JD	Riksadvokaten	✓	0	av	0		24 %
JD	Politidirektoratet	✓	6	av	26	✗	15 %
JD	Kriminalomsorgsdirektoratet	✓	20	av	504	✗	3 %
JD	Utlendingsnemnda	✓	9	av	11	✗	17 %
JD	Domstoladministrasjonen	✓	23	av	34	✗	19 %
JD	Høgsterett	✓	0	av	0		39 %
JD	Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker	✓	1	av	2	✗	0 %
JD	Økokrim	✓	0	av	1	✗	0 %
JD	Nasjonalt tryggingsorgan	✓	8	av	26	✗	0 %
JD	Politiets tryggingsteneste	✓	0	av	1	✗	0 %
JD	Statens sivilrettsforvaltning	✓	51	av	70	✗	70 %
JD	Politi høgskolen	✓	0	av	0		0 %
JD	Spesialeininga for politisaker	✓	0	av	0		0 %
JD	Advokattilsynet	✓	5	av	5	✓	0 %

Tema 1

Tre verksemder (Nasjonalt ID-senter²⁸, Utlendingsdirektoratet og Kontoret for valdsoffererstatning) stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i ny tekst på nett.

Éi verksemd (Konfliktrådet) har ein nynorskprosent på mellom 10 og 20 og er dermed eit stykke unna å stetta kravet til veksling.

Seks verksemdar (Politidirektoratet, Riksadvokaten, Kriminalomsorgsdirektoratet, Utlendingsnemnda, Domstoladministrasjonen²⁹ og Høgsterett³⁰) har ein nynorskprosent på under 10 og er difor langt frå å stetta kravet til veksling. Riksadvokaten hadde 8 prosent nynorsk i ny tekst på nett i 2024, men nynorskprosenten for heile nettstaden er innanfor kravet (27 prosent), og Riksadvokaten stettar dermed likevel vekslingskravet over tid.

Dei resterande åtte verksemdene (Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker, Økokrim, Nasjonalt tryggingsorgan, Politiets tryggingsteneste, Statens sivilrettsforvaltning, Politi høgskolen, Spesialeininga for politisaker og Advokattilsynet³¹) har ein nynorskprosent på under 5 og er dermed særst langt frå å stetta kravet.

²⁸Nasjonalt ID-senter publiserte berre om lag 5000 ord på både skriftspråka i 2024. Nynorskprosenten for alt tilgjengeleg innhald er 5. Resultata må lesast med atterhald om at tekstmengda er lita.

²⁹I 2023 publiserte me ikkje tal for Domstoladministrasjonen og Høgsterett. Desse organa deler nettstad, og i 2023 vart dataa for nettstadane blanda saman. Språkrådet har no skilt dataa frå kvarandre etter beste evne, men me tek atterhald om at me ikkje har fått innspel på datagrunnlaget frå organa sjølv.

³⁰Høgsterett har opplyst Språkrådet om at ein stor del av teksten på nettstaden er samandrag av rettsavgjerder. Høgsterett meiner desse må reknast som ein del av den dømmende verksemda, og at tekstane dermed ikkje gjeld «den administrative delen av verksemda», jf. unnataket i språklova for domstolane. Språkrådet held på med ei utgreiing om dette unnataket, der slike spørsmål òg kan verta tekne opp. Sidan me ikkje er ferdige med utgreiinga, har me denne gongen ikkje sila ut samandraga.

³¹Ein del av desse verksemdene har relativt små nettstader, nokre med innhald som gjer det vanskeleg å få til ei heilt presis hausting.

Tema 2

Fem verksemdar (Nasjonalt ID-senter, Utlendingsdirektoratet, Kontoret for valdsoffererstatning, Høgsterett og Statens sivilrettsforvaltning) stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i sosiale medium. Riksadvokaten er nær ved å stetta kravet.

Tema 3

14 verksemdar opplyser at dei har skjema og andre sjølvbeteningstenester. Av desse verksemdene har to verksemdar (Nasjonalt ID-senter og Advokattilsynet) alt materialet tilgjengeleg på båe skriftspråka.

Tema 4

Alle dei 18 verksemdene i sektoren har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og dei oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Nasjonal ID-senter stettar kravet innanfor alle dei fire tilsynstema me har vurdert for 2024.

Riksadvokaten har 24 prosent nynorsk i sosiale medium i 2024, men ein nynorskprosent på 27 for heile nettstaden sett under eitt. Språkrådets vurdering er at verksemda truleg stettar vekslingskravet samanlagt. Riksadvokaten stettar dermed alle krava me har vurdert for 2024.

Utlendingsdirektoratet skal ha ros for å ha auka nynorskprosenten frå 15 til 44 på eitt år. Dette syner at ein kan få til mykje på kort tid. Dersom Utlendingsdirektoratet held fram med det gode nynorskarbeidet, vil det truleg stetta alle krava i 2025.

Kontoret for valdsoffererstatning er nær ved å stetta alle krava me har vurdert for 2024. Berre éi sjølvbeteningsteneste som ikkje finst på nynorsk, gjer at verksemda ikkje fylgjer regelverket fullt ut. Verksemda var nær ved å stetta vekslingskravet i ny tekst på nett i 2023 (20 prosent), og det er positivt at ho i år ligg over kravet.

Klima- og miljødepartementet

Resultata for departementet per tilsynstema

Tema 1

Nynorskprosenten i ny tekst på nett (stortingsdokument og annan nettekst) er 10 i 2024 (62 i 2023), og departementet stettar ikkje kravet til veksling. Departementet er dermed eit stykke unna å stetta kravet til veksling.

Tema 2

Nynorskprosenten i stortingsdokument er 13 i 2024 (69 i 2023). Departementet stettar ikkje kravet til veksling.

Tema 3

Nynorskprosenten i annan nettekst er 4 i 2024 (53 i 2023). Departementet er dermed særst langt frå å stetta kravet til veksling.

Tema 4

Nynorskprosenten i sosiale medium er 11 i 2024 (6 i 2023). Departementet stettar ikkje kravet til veksling.

Tema 5

Departementet har opplyst at alle skjema og andre sjølvbeteningstenester finst på både skriftspråka, og stettar dermed kravet om parallell bruk av bokmål og nynorsk.

Tema 6

Departementet har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og det oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Departementet stettar kravet innanfor to av dei seks tilsynstema me har vurdert for 2024. Det stettar ikkje vekslingskravet (§ 13), korkje i ny tekst på nett eller i sosiale medium. Det er påfallande at dette departementet, som hadde den høgaste nynorskprosenten i 2023, ligg i nedste sjikt i 2024.

Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema

Dep	Verksemder under Klima- og miljødepartementet	§ 20 Opplysning	§ 14 Sjølvbetening				§ 13 Veksling	
			Antal parallele tenester		Totalt antal tenester		So-me 2024	Html 2024
KLD	Kulturminnefondet	✓	0	av	1	✗	43 %	36 %
KLD	Riksantikvaren	✓	9	av	9	✓	49 %	20 %
KLD	Artsdatabanken	✓	0	av	0		27 %	18 %
KLD	Meteorologisk institutt	✓	0	av	0		21 %	18 %
KLD	Norsk polarinstitutt	✓	10	av	10	✓	65 %	9 %
KLD	Miljødirektoratet	✓	2	av	88	✗	29 %	6 %

Tema 1

Éi verksemd (Kulturminnefondet) stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i ny tekst på nett.

Tre verksemder (Riksantikvaren, Artsdatabanken og Meteorologisk institutt) har ein nynorskprosent på mellom 10 og 20 i ny tekst på nett og er dermed eit stykke unna å stetta kravet til veksling.

Dei resterande to verksemdene (Norsk polarinstitutt og Miljødirektoratet) har ein nynorskprosent på under 10 og er dermed langt frå å stetta kravet.

Tema 2

Fem verksemder (Kulturminnefondet, Riksantikvaren, Artsdatabanken, Norsk polarinstitutt og Miljødirektoratet) stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i sosiale medium. Miljødirektoratet var nær ved å stetta kravet i 2023 og stettar kravet med god margin i 2024. Det skal direktoratet ha ros for.

Tema 3

Fire verksemder opplyser at dei har skjema og andre sjølvbeteningstenester. Av desse har to verksemder (Riksantikvaren og Norsk polarinstitutt) alt materialet tilgjengeleg på både skriftspråka.

Tema 4

Alle dei seks verksemdene i sektoren har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og dei oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Ingen av dei underliggjande verksemdene stettar kravet innanfor dei fire tilsynstema me har vurdert for 2024. Berre éi sjølvbeteningsteneste som ikkje finst på nynorsk, gjer at Kulturminnefondet ikkje fylgjer regelverket fullt ut. Kulturminnefondet stettar vekslingskravet med god margin og vil truleg stetta alle krava ved neste tilsyn. Vidare er Riksantikvaren nær ved å stetta alle krava. Riksantikvaren stetta alle krava som me førte tilsyn med i 2023, men har noko for lite nynorsk i ny tekst på nett i 2024. Talet på innlegg i sosiale medium sett opp mot talet på nynorskord i ny tekst på nett syner at Riksantikvaren er særst nær ved å stetta kravet samla sett.

Senter mot marin forsøpling vart frå 1. januar 2024 innlema i Miljødirektoratet.

Kommunal- og distriktsdepartementet

Resultata for departementet per tilsynstema

Tema 1

Nynorskprosenten i ny tekst på nett (stortingsdokument og annan nettekst) er 49 i 2024 (36 i 2023), og departementet stettar kravet til veksling. Departementet har ein særst høg nynorskprosent.

Tema 2

Nynorskprosenten i stortingsdokument er 63 i 2024 (45 i 2023). Departementet stettar kravet til veksling.

Tema 3

Nynorskprosenten i annan nettekst er 36 i 2024 (21 i 2023). Departementet har ein høg nynorskprosent i annan nettekst.

Tema 4

Nynorskprosenten i sosiale medium er 50 i 2024 (29 i 2023). Departementet stettar kravet til veksling.

Tema 5

Departementet har opplyst at to av fem skjema og andre sjølvbeteningstenester finst på baa skriftspråka, og stettar dermed ikkje kravet om parallell bruk.

Tema 6

Departementet har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og det oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Departementet stettar kravet innanfor fem av dei seks tilsynstema me har vurdert for 2024. Berre to sjølvbeteningstenester som ikkje finst på nynorsk, gjer at departementet ikkje fylgjer regelverket fullt ut. Departementet har arbeidd godt med nynorsken over fleire år og har no om lag 50 prosent nynorsk både i ny tekst på nett og i sosiale medium. Det er særst bra og syner godt nynorskarbeid i praksis. Me oppmodar departementet om å gjera dei siste to sjølvbeteningstenestene tilgjengelege på nynorsk. Med det vil departementet stetta alle krava.

Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema

Dep	Verksemder under Kommunal- og distriktsdepartementet	§ 20 Opplysning	§ 14 Sjølvbetening				§ 13 Veksling	
			Antal parallelle tenester		Totalt antal tenester		So-me 2024	Html 2024
KDD	Direktoratet for byggkvalitet	✓	2	av	8	✗	19 %	23 %
KDD	Distriktssenteret	✓	5	av	5	✓	40 %	22 %
KDD	Kartverket	✓	33	av	45	✗	38 %	16 %
KDD	Husbanken	✓	112	av	112	✓	32 %	14 %
KDD	Valdirektoratet	✓	3	av	10	✗	0 %	1 %
KDD	Husleigetvistutvalet	✓	0	av	4	✗	0 %	0 %

Tema 1

Ingen av verksemdene stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i ny tekst på nett, men Direktoratet for byggkvalitet og Distriktssenteret er nær ved å stetta kravet.

To verksemder (Kartverket og Husbanken) har ein nynorskprosent på mellom 10 og 20 i ny tekst på nett og er dermed eit stykke unna å stetta kravet til veksling.

Dei resterande to verksemdene (Valdirektoratet og Husleigetvistutvalet³²) har ein nynorskprosent på under 5 og er dermed særst langt frå å stetta kravet til veksling.

Tema 2

Tre verksemder (Distriktssenteret, Kartverket og Husbanken) stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i sosiale medium.³³

Tema 3

Alle verksemdene opplyser at dei har skjema og andre sjølvbeteningstenester. Av desse har to verksemder (Distriktssenteret og Husbanken³⁴) alt materialet tilgjengeleg på både skriftspråka.

Tema 4

Alle dei seks verksemdene i sektoren har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og dei oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Ingen av dei underliggjande verksemdene stettar kravet innanfor alle dei fire tilsynstema me har vurdert for 2024. Distriktssenteret er nærmast, og med noko høgare vekslingsprosent i 2025 vil dei truleg stetta alle krava. Me ser òg at Direktoratet for byggkvalitet nesten stettar alle krava.

³²Husleigetvistutvalet publiserte berre 724 nye ord på nettsidene i 2024, og desse var på bokmål.

³³Valdirektoratet hadde berre eitt innlegg i sosiale medium i 2024, og det var på bokmål.

³⁴Retta i ny versjon 14.11.2025.

Kultur- og likestillingsdepartementet

Resultata for departementet per tilsynstema

Tema 1

Nynorskprosenten i ny tekst på nett (stortingsdokument og annan nettekst) er 5 i 2024 (22 i 2023), og departementet stettar ikkje kravet til veksling. Departementet har ein låg nynorskprosent.

Tema 2

Nynorskprosenten i stortingsdokument er 5 i 2024 (20 i 2023). Departementet stettar ikkje kravet til veksling.

Tema 3

Nynorskprosenten i annan nettekst er 6 i 2024 (27 i 2023). Departementet er langt frå å stetta kravet til veksling.

Tema 4

Nynorskprosenten i sosiale medium er 41 i 2024 (38 i 2023). Departementet stettar kravet til veksling.

Tema 5

Departementet har opplyst at seks av sju skjema og andre sjølvbeteningstenester finst på både skriftspråka, og stettar dermed ikkje kravet om parallell bruk av bokmål og nynorsk.

Tema 6

Departementet har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og det oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Departementet stettar kravet innanfor to av dei seks tilsynstema me har vurdert for 2024. Det stettar ikkje vekslingskravet (§ 13) i annan nettekst og stortingsdokument, men stettar kravet i sosiale medium. Kravet om parallell bruk av bokmål og nynorsk i skjema og andre sjølvbeteningstenester (§ 14) er ikkje stetta. Det er påfallande at departementet, som nesten stetta alle krava i 2023, ligg i nedste sjikt i 2024.

Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema³⁵

Dep	Verksemder under Kultur- og likestillingsdepartementet	§ 20 Opplysning	§ 14 Sjølvbetening		Totalt antal tenester	§ 13 Veksling	
			Antal parallele tenester	av		So-me 2024	Html 2024
KUD	Lotteri- og stiftelsestilsynet	✓	35	av	35	✓	66 % 74 %
KUD	Nasjonalbiblioteket	✓	18	av	24	✗	38 % 35 %
KUD	Likestillings- og diskrimineringsombodet	✓	2	av	2	✓	19 % 32 %
KUD	Språkrådet	✓	3	av	3	✓	50 % 32 %
KUD	Diskrimineringsnemnda	✓	4	av	4	✓	30 %
KUD	Norsk filminstitutt	✓	9	av	96	✗	23 % 27 %
KUD	Riksteatret	✓	0	av	0		0 % 17 %
KUD	Kunst i offentlege rom	✓	6	av	6	✓	25 % 16 %
KUD	Kulturtanken - Den kulturelle skolesekken	✓	2	av	4	✗	22 % 12 %
KUD	Kulturdirektoratet	✓	45	av	176	✗	35 % 10 %
KUD	Medietilsynet	✓	16	av	16	✓	22 % 7 %
KUD	Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design	✓	0	av	7	✗	17 % 7 %
KUD	Arkivverket	✓	0	av	47	✗	12 % 3 %
KUD	Restaureringsverksemda ved Nidaros domkyrkje	✓	0	av	1	✗	0 % 0 %

Tema 1

Fem verksemder (Lotteri- og stiftelsestilsynet, Nasjonalbiblioteket³⁶, Likestillings- og diskrimineringsombodet, Diskrimineringsnemnda og Norsk filminstitutt) stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i ny tekst på nett.

Fire verksemder (Riksteatret, Kunst i offentlege rom, Kulturtanken og Kulturdirektoratet) har ein nynorskprosent på mellom 10 og 20 og er dermed eit stykke unna å stetta kravet.

To verksemder (Medietilsynet og Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design) har ein nynorskprosent på under 10 og er langt frå å stetta kravet.

To verksemder (Arkivverket og Restaureringsverksemda ved Nidaros domkyrkje³⁷) har ein nynorskprosent på under 5 og er dermed særst langt frå å stetta kravet.

Tema 2

Fire verksemder (Lotteri- og stiftelsestilsynet, Nasjonalbiblioteket, Kunst i offentlege rom og Kulturdirektoratet) stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i sosiale medium. Norsk filminstitutt, Kulturtanken og Medietilsynet er nær ved å stetta kravet.

Tema 3

Tolv verksemder opplyser at dei har skjema og andre sjølvbeteningstenester. Av desse verksemdene har fem verksemder (Lotteri- og stiftelsestilsynet, Likestillings-

³⁵Språkrådet fører ikkje regulært tilsyn med eiga verksemd, men tala syner at Språkrådet stettar kravet innanfor alle temaa som er vurderte for 2024.

³⁶Tidlegare Norsk lyd- og blindeskriftsbibliotek, no Tibi, er innlema i Nasjonalbiblioteket.

³⁷Dette er fyrste året me fører tilsyn med Restaureringsverksemda ved Nidaros domkyrkje, og resultatet må difor lesast med atterhald. Språkrådet vitja organet i Trondheim våren 2025. Les meir om dette i metodekapittelet, del c) Tilsynsdialogen.

og diskrimineringsombodet, Diskrimineringsnemnda, Kunst i offentlege rom og Medietilsynet) alt materialet tilgjengeleg på både skriftspråka.

Tema 4

Alle dei 14 verksemdene i sektoren har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og dei oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Lotteri- og stiftelsestilsynet og Diskrimineringsnemnda stettar kravet innanfor alle dei fire tilsynstema me har vurdert for 2024.

Likestillings- og diskrimineringsombodet ligg over minstekravet for nynorsk i ny tekst på nett (33 prosent) og har 19 prosent nynorsk i sosiale medium. Me konkluderer med at ombodet truleg stettar kravet til veksling mellom skriftspråka samla sett, og at verksemda dermed stettar alle krava me har vurdert for 2024.

Vurderinga vår er at Norsk filminstitutt stettar kravet til veksling mellom skriftspråka samla sett, men verksemda stettar ikkje kravet om parallelle versjonar av sjølvbeteningstenester. Me ser òg at Nasjonalbiblioteket har styrkt nynorskarbeidet, og at verksemda nesten stettar alle krava. Det er særst positivt.

Kunnskapsdepartementet

Resultata for departementet per tilsynstema

Tema 1

Nynorskprosenten i ny tekst på nett (stortingsdokument og annan nettekst) er 44 i 2024 (51 i 2023), og departementet stettar difor kravet til veksling. Departementet har ein høg nynorskprosent.

Tema 2

Nynorskprosenten i stortingsdokument er 56 i 2024 (60 i 2023). Departementet stettar kravet til veksling.

Tema 3

Nynorskprosenten i annan nettekst er 20 i 2024 (9 i 2023). Departementet stettar ikkje kravet til veksling, men nærmar seg kravet.

Tema 4

Nynorskprosenten i sosiale medium er 33 i 2024 (4 i 2023). Departementet stettar kravet til veksling.

Tema 5

Departementet har ikkje eigne skjema eller andre sjølvbeteningstenester og skal difor ikkje vurderast etter dette tilsynstemaet.

Tema 6

Departementet har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og det oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Departementet stettar kravet innanfor fire av dei seks tilsynstema me har vurdert for 2024. Kravet om parallell bruk av bokmål og nynorsk i skjema og andre sjølvbeteningstenester (§ 14) skal ikkje vurderast, sidan departementet ikkje har slike tenester. Vekslingskravet (§ 13) er oppfylt i ny tekst på nett, sidan nynorskprosenten i stortingsdokument er høg. Sjølv om nynorskprosenten i annan nettekst ligg på 20, og departementet difor ikkje stettar kravet innanfor tilsynstemaet, er dette ein klår framgang frå 2023. Departementet har òg stor auke i nynorskbruken i sosiale medium og stettar vekslingskravet her. Departementet skil seg ut som eitt av sju departement som stettar alle lovkrava som me har vurdert for 2024.

Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema

Dep	Verksemder under Kunnskapsdepartementet	§ 20 Opplysning	§ 14 Sjølvbetening				§ 13 Veksling	
			Antal parallelle tenester		Totalt antal tenester		So-me 2024	Html 2024
KD	Høgskulen i Volda	✓	17	av	39	✗	75 %	64 %
KD	Høgskulen på Vestlandet	✓	12	av	15	✗	32 %	46 %
KD	Lånekassen	✓	37	av	37	✓	37 %	40 %
KD	Foreldreutvalet for grunnopplæringa	✓	1	av	1	✓	52 %	37 %
KD	Utdanningsdirektoratet	✓	0	av	19	✗	10 %	27 %
KD	Oslomet – storbyuniversitetet	✓	53	av	66	✗	9 %	26 %
KD	Noregs forskingsråd	✓	2	av	2	✓	33 %	24 %
KD	Universitetet i Bergen	✓	3	av	6	✗	24 %	23 %
KD	Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse	✓	94	av	170	✗	23 %	21 %
KD	Noregs musikkhøgskole	✓	32	av	107	✗	42 %	20 %
KD	NOKUT	✓	5	av	5	✓	77 %	19 %
KD	Noregs idrettshøgskole	✓	7	av	22	✗	34 %	15 %
KD	Universitetet i Oslo	✓	79	av	460	✗	10 %	13 %
KD	Norsk utanrikspolitisk institutt	✓	0	av	0		11 %	12 %
KD	Universitetet i Stavanger	✓	0	av	31	✗	25 %	9 %
KD	Noregs handelshøgskole	✓	26	av	32	✗	47 %	7 %
KD	Nord universitet	✓	1	av	38	✗	27 %	7 %
KD	Universitetet i Sørøst-Noreg	✓	0	av	6	✗	22 %	7 %
KD	Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet	✓	0	av	7	✗	34 %	6 %
KD	22. juli-senteret	✓	0	av	1	✗	0 %	6 %
KD	Arkitektur- og designhøgskolen	✓	0	av	13	✗	9 %	6 %
KD	Kunsthøgskolen i Oslo	✓	1	av	27	✗	13 %	6 %
KD	Høgskolen i Molde	✓	11	av	13	✗	6 %	6 %
KD	Universitetet i Innlandet	✓	2	av	112	✗	2 %	5 %
KD	UiT Noregs arktiske universitet	✓	7	av	7	✓	22 %	5 %
KD	Universitetet i Agder	✓	51	av	63	✗	2 %	4 %
KD	Høgskolen i Østfold	✓	65	av	65	✓	17 %	4 %
KD	Noregs miljø- og biovitskaplege universitet	✓	42	av	135	✗	6 %	4 %
KD	Statped	✓	8	av	15	✗	26 %	3 %
KD	Sikt – kunnskapssektorens tenesteleverandør	✓	12	av	16	✗	33 %	2 %
KD	Noregs grønne fagskole - Veia	✓	0	av	0		10 %	1 %
KD	Dei nasjonale forskningsetiske komiteane	✓	0	av	2	✗	47 %	0 %

Tema 1

Fem verksemder (Høgskulen i Volda, Høgskulen på Vestlandet, Foreldreutvalet for grunnopplæringa, Utdanningsdirektoratet og Oslomet – storbyuniversitetet) stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i ny tekst på nett. Lånekassen har ein

nynorskprosent i ny tekst på nett på 40 i 2024, men verksemda praktiserer ikkje veksling (sjå nedanfor). Fire verksemder (Noregs forskingsråd, Universitetet i Bergen, Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse og Noregs musikkhøgskole³⁸) stettar nesten kravet.

Fire verksemder (NOKUT, Noregs idrettshøgskole, Universitetet i Oslo og Noregs utanrikspolitiske institutt) har ein nynorskprosent på mellom 10 og 20 i ny tekst på nett og er dermed eit stykke unna å stetta kravet til veksling.

Elleve verksemder (Universitetet i Stavanger, Noregs handelshøgskole, Nord universitet, Universitetet i Sørøst-Noreg, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, 22. juli-senteret, Arkitektur- og designhøgskolen, Kunsthøgskolen i Oslo, Høgskolen i Molde, Universitetet i Innlandet og UiT Noregs arktiske universitet) har ein nynorskprosent på under 10 og er langt frå å stetta kravet.

Dei resterande sju verksemdene (Universitetet i Agder, Høgskolen i Østfold, Noregs miljø- og biovitskaplege universitet, Statped, Sikt – kunnskapssektorens tenesteleverandør, Noregs grønne fagskole – Veia og Dei nasjonale forskingsetiske komiteane) har ein nynorskprosent på under 5 og er dermed særst langt frå å stetta kravet.

Tema 2

14 verksemder (Høgskulen i Volda, Høgskulen på Vestlandet, Lånekassen, Foreldreutvalet for grunnopplæringa, Noregs forskingsråd, Noregs musikkhøgskole, Noregs idrettshøgskole, Universitetet i Stavanger, Noregs handelshøgskole, Nord universitet, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, Statped, Sikt – kunnskapssektorens tenesteleverandør og Dei nasjonale forskingsetiske komiteane) stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i sosiale medium. Universitetet i Bergen, Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, NOKUT, Universitetet i Sørøst-Noreg og UiT Noregs arktiske universitet stettar nesten kravet.

Tema 3

30 verksemder opplyser at dei har skjema og andre sjølvbeteningsstenester. Av desse har seks verksemder (Lånekassen, Foreldreutvalet for grunnopplæringa, Noregs forskingsråd, NOKUT, UiT Noregs arktiske universitet og Høgskolen i Østfold) alt materialet tilgjengeleg på både skriftspråka.

Tema 4

Alle dei 32 verksemdene i sektoren har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og dei oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Éi verksemd (Foreldreutvalet for grunnopplæringa), stettar kravet innanfor alle dei fire tilsynstema me har vurdert for 2024. Det er særst bra at Foreldreutvalet for

³⁸Noregs musikkhøgskole har ein høg nynorskprosent i sosiale medium og stettar dermed nesten vekslingkravet når me ser so-me-innhald og nettsideinnhald under eitt.

grunnopplæringa stettar alle krava i 2024, og me ser at verksemda har klatra frå 16 til 37 prosent nynorsk i ny tekst på nett på berre eitt år, noko som er imponerende.

Lånekassen vekslar ikkje mellom nynorsk og bokmål på hovudnettstaden, men har nær fullstendig parallelle nettsider med valfri bokmåls- og nynorskversjon. Lånekassen stettar difor strengt teke berre kravet innanfor tre av dei fire tilsynstema.

Noregs forskingsråd stettar nesten kravet i ny nettekst (24 prosent) og ligg over kravet i sosiale medium (33 prosent). Me konkluderer difor med at Forskingsrådet truleg stettar vekslingskravet i språklova, og at rådet difor stettar kravet innanfor alle dei fire tilsynstema me har vurdert for 2024.

Oslomet har arbeidd godt med nynorsken over fleire år. Verksemda er no ein av dei få lærestadene – og det einaste universitetet – som stettar kravet om veksling i ny tekst på nett. Dette fortener Oslomet ros for. Språkrådet vil likevel peika på at resultata som syner bruken av nynorsk i ny tekst på nett ved Oslomet, er noko uvisse. Uvissa kjem hovudsakeleg av at nokre underdomene ikkje vart hausta som planlagt i 2024. Språkrådet vil arbeida for ei meir korrekt hausting av nettstaden til Oslomet i 2025.

Me ser elles at Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse nesten stettar kravet innanfor alle tilsynstema me har vurdert for 2024.

Landbruks- og matdepartementet

Resultata for departementet per tilsynstema

Tema 1

Nynorskprosenten i ny tekst på nett (stortingsdokument og annan nettekst) er 35 i 2024 (33 i 2023), og departementet stettar difor kravet til veksling. Departementet stettar dermed kravet til veksling med god margin.

Tema 2

Nynorskprosenten i stortingsdokument er 35 i 2024 (43 i 2023). Departementet stettar kravet til veksling.

Tema 3

Nynorskprosenten i annan nettekst er 35 i 2024 (22 i 2023). Departementet stettar kravet til veksling med god margin.

Tema 4

Nynorskprosenten i sosiale medium er 100 i 2024 (33 i 2023). Departementet stettar ikkje kravet til veksling.³⁹

³⁹Merk at departementet berre publiserte eitt innlegg i 2024, som altså var på nynorsk.

Tema 5

Departementet har ikkje eigne skjema eller andre sjølvbeteningstenester og skal difor ikkje vurderast etter dette tilsynstemaet.

Tema 6

Departementet har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og det oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Departementet stettar kravet innanfor fire av dei seks tilsynstema me har vurdert for 2024. Kravet om parallell bruk (§ 14) skal ikkje vurderast, sidan departementet ikkje har slike tenester. Departementet har berre eitt innlegg i sosiale medium, og det er på nynorsk. Dette eine innlegget påverkar ikkje totalen (35 prosent nynorsk i ny tekst på nett). Sidan vekslingskravet er stetta i ny tekst på nett (stortingsdokument og annan nettekst), konkluderer me med at departementet truleg stettar alle krava som me har vurdert for 2024. Departementet skil seg dermed ut som eitt av sju departement som stettar alle lovkrava.

Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema

Dep	Verksemder under Landbruks- og matdepartementet	§ 20 Opplysning	§ 14 Sjølvbetening				§ 13 Veksling	
			Antal parallele tenester		Totalt antal tenester		So-me 2024	Html 2024
LMD	Norsk institutt for bioøkonomi	✓	0	av	37	✗	31 %	16 %
LMD	Landbruksdirektoratet	✓	136	av	136	✓	14 %	12 %
LMD	Veterinærinstituttet	✓	6	av	12	✗	5 %	6 %
LMD	Mattilsynet	✓	14	av	61	✗	4 %	4 %

Tema 1

Ingen av verksemdene stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i ny tekst på nett.

To verksemder (Norsk institutt for bioøkonomi og Landbruksdirektoratet) har ein nynorskprosent på mellom 10 og 20 og er dermed eit stykke unna å stetta kravet.

Éi verksemd (Veterinærinstituttet) har ein nynorskprosent på under 10 og er langt frå å stetta kravet.

Éi verksemd (Mattilsynet) har ein nynorskprosent på under 5 og er særst langt frå å stetta kravet.

Tema 2

Éi verksemd (Norsk institutt for bioøkonomi) stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i sosiale medium.

Tema 3

Fire verksemdar opplyser at dei har skjema og andre sjølvbeteningstenester. Ei av desse fire verksemdene (Landbruksdirektoratet) har alt materialet tilgjengeleg på både skriftspråka.

Tema 4

Alle dei fire verksemdene i sektoren har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og dei oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Ingen av dei underliggjande verksemdene stettar kravet innanfor alle dei fire tilsynstema me har vurdert for 2024.

Nærings- og fiskeridepartementet

Resultata for departementet per tilsynstema

Tema 1

Nynorskprosenten i ny tekst på nett (stortingsdokument og annan nettekst) er 10 i 2024 (12 i 2023), og departementet stettar difor ikkje kravet til veksling. Departementet er eit stykke unna å stetta kravet til veksling.

Tema 2

Nynorskprosenten i stortingsdokument er 13 i 2024 (17 i 2023). Departementet stettar ikkje kravet til veksling.

Tema 3

Nynorskprosenten i annan nettekst er 5 i 2024 (7 i 2023). Departementet er dermed langt frå å stetta kravet til veksling.

Tema 4

Nynorskprosenten i sosiale medium er 3 i 2024 (3 i 2023). Departementet stettar ikkje kravet til veksling.

Tema 5

Departementet har ikkje eigne skjema eller andre sjølvbeteningstenester og skal difor ikkje vurderast etter dette tilsynstemaet.

Tema 6

Departementet har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og det oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Departementet stettar kravet innanfor eitt av dei seks tilsynstema me har vurdert for 2024 (opplysningsplikta). Kravet om parallell bruk av bokmål og nynorsk i skjema og andre sjølvbeteningstenester (§ 14) skal ikkje vurderast, sidan departementet ikkje har slike

tenester. Departementet stettar ikkje vekslingskravet (§ 13), korkje i ny tekst på nett eller i sosiale medium.

Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema

Dep	Verksemder under Nærings- og fiskeridepartementet	§ 20 Opplysning	§ 14 Sjølvbetening		Totalt antall tenester	§ 13 Veksling	
			Antal parallelle tenester	av		So-me 2024	Html 2024
NFD	Brønnøysundregistra	✓	66	av	82	✗	10 %
NFD	Konkurransetilsynet	✓	5	av	5	✓	35 %
NFD	Daglegvaretilsynet	✓	0	av	0		28 %
NFD	Patentstyret	✓	19	av	20	✗	0 %
NFD	Justervesenet	✓	3	av	3	✓	30 %
NFD	Norsk akkreditering	✓	0	av	0		17 %
NFD	Fiskeridirektoratet	✓	70	av	80	✗	27 %
NFD	Havforskningsinstituttet	✓	0	av	0		27 %
NFD	Sjøfartsdirektoratet	✓	47	av	170	✗	13 %
NFD	Eksportfinansiering Noreg	✓	3	av	3	✓	17 %
NFD	Norsk romsenter	✓	18	av	18	✓	5 %
NFD	Klagenemndssekretariatet	✓	1	av	2	✗	24 %
NFD	Garantikassen for fiskarar	✓	0	av	6	✗	0 %
NFD	Innovasjon Noreg	✓	0	av	3	✗	1 %
NFD	Noregs geologiske undersøking	✓	0	av	5	✗	0 %
NFD	Norsk nukleær dekommisjonering	✓	0	av	0		0 %
NFD	Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard	✓	0	av	5	✗	0 %

Tema 1

Fire verksemder (Brønnøysundregistra, Konkurransetilsynet, Daglegvaretilsynet og Patentstyret) stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i ny tekst på nett. Norsk akkreditering og Justervesenet er nær ved å stetta kravet.

To verksemder (Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet) har ein nynorskprosent på mellom 10 og 20 og er dermed eit stykke unna å stetta kravet.

Tre verksemder (Sjøfartsdirektoratet, Eksportfinansiering Noreg og Norsk romsenter) har ein nynorskprosent på under 10 og er langt frå å stetta kravet.

Seks verksemder (Klagenemndssekretariatet, Garantikassen for fiskarar, Innovasjon Noreg, Noregs geologiske undersøking, Norsk nukleær dekommisjonering og Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard) har ein nynorskprosent på under 5 og er dermed særst langt frå å stetta kravet.

Tema 2

Fire verksemder (Konkurransetilsynet, Justervesenet, Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet) stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i sosiale medium. Klagenemndssekretariatet er nær ved å stetta kravet.

Tema 3

13 verksemder opplyser at dei har skjema og andre sjølvbeteningstenester. Fire av desse 13 (Konkurransetilsynet, Justervesenet, Eksportfinansiering Noreg og Norsk romsenter⁴⁰) har alt materialet tilgjengeleg på både skriftspråka.

⁴⁰No Direktoratet for romverksemd.

Tema 4

Alle dei 17 verksemdene i sektoren har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og dei oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

To av dei underliggjande verksemdene (Konkurransetilsynet og Daglegvaretilsynet) stettar kravet innanfor alle dei fire tilsynstema me har vurdert for 2024.

Justervesenet stettar nesten kravet for nynorsk i ny nettekst (24 prosent), og verksemda ligg over kravet i sosiale medium (30 prosent). Me konkluderer med at Justervesenet truleg stettar kravet til veksling samla sett og dermed stettar alle krava me har vurdert for 2024.

Samferdselsdepartementet

Resultata til departementet per tilsynstema

Tema 1

Nynorskprosenten i ny tekst på nett (stortingsdokument og annan nettekst) er 12 i 2024 (11 i 2023), og departementet stettar difor ikkje kravet til veksling. Departementet er eit stykke unna å stetta kravet til veksling.

Tema 2

Nynorskprosenten i stortingsdokument er 13 i 2024 (10 i 2023). Departementet stettar ikkje kravet til veksling.

Tema 3

Nynorskprosenten i annan nettekst er 11 i 2024 (19 i 2023). Departementet er dermed eit stykke unna å stetta kravet til veksling.

Tema 4

Nynorskprosenten i sosiale medium er 21 i 2024 (100 i 2023⁴¹).

Tema 5

Departementet har ikkje eigne skjema eller andre sjølvbeteningstenester og skal difor ikkje vurderast etter dette tilsynstemaet.

Tema 6

Departementet har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og det oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Departementet stettar kravet innanfor eitt av dei seks tilsynstema me har vurdert for 2024 (opplysningsplikta). Kravet om parallell bruk av bokmål og nynorsk i skjema og andre sjølvbeteningstenester (§ 14) skal ikkje vurderast, sidan departementet ikkje har slike

⁴¹Departementet publiserte berre to innlegg i sosiale medium i heile 2023, og nynorskprosenten for 2023 må difor lesast med det atterhaldet.

tenester. Vekslingskravet (§ 13) er ikkje stetta, korkje i ny tekst på nett eller i sosiale medium, men departementet er nær ved å stetta kravet for sosiale medium.

Resultata for underliggjande verksemdar per tilsynstema

Dep	Verksemdar under Samferdselsdepartementet	§ 20 Opplysning	§ 14 Sjølvbetening		Totalt antal tenester	§ 13 Veksling	
			Antal parallele tenester	av		So-me 2024	Html 2024
SD	Vegtilsynet	✓	1	av	1	✓	28 %
SD	Statens vegvesen	✓	32	av	50	✗	14 %
SD	Luftfartstilsynet	✓	11	av	58	✗	4 %
SD	Statens havarikommisjon	✓	2	av	2	✓	6 %
SD	Kystverket	✓	3	av	6	✗	23 %
SD	Statens jernbanetilsyn	✓	46	av	46	✓	0 %
SD	Bane NOR	✓	4	av	4	✓	15 %
SD	Jernbanedirektoratet	✓	0	av	0		0 %

Tema 1

Éi verksemd (Vegtilsynet) stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i ny tekst på nett.⁴²

Éi verksemd (Statens vegvesen) har ein nynorskprosent på mellom 10 og 20 og er dermed eit stykke unna å stetta kravet. Statens vegvesen har delvis parallelle nettsider med valfri bokmåls- og nynorskversjon, men nynorskversjonen er ikkje fullstendig.

To verksemdar (Luftfartstilsynet og Statens havarikommisjon) har ein nynorskprosent på under 10 og er difor langt frå å stetta kravet.

Fire verksemdar (Kystverket, Statens jernbanetilsyn, Bane NOR og Jernbanedirektoratet) har ein nynorskprosent på under 5 og er dermed særst langt frå å stetta kravet.

Tema 2

Seks verksemdar opplyser at dei nyttar sosiale medium, men ingen av dei stettar kravet til veksling mellom skriftspråka. Kystverket er nær ved å stetta kravet.

Tema 3

Sju verksemdar opplyser at dei har skjema og andre sjølvbeteningstenester. Fire av desse sju (Vegtilsynet, Statens havarikommisjon, Statens jernbanetilsyn og Bane NOR) har alt materialet tilgjengeleg på både skriftspråka.

Tema 4

Alle dei åtte verksemdene har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og dei oppfyller opplysningsplikta.

⁴²Vegtilsynet fekk nye nettsider i 2023 og hadde då ein nynorskprosent på 50 i ny tekst på nett. Sidan nettsidene var nye i 2023, vart alt hausta som nytt innhald, og me rekna med at det reelle talet var lågare. Resultatet for 2024 syner at Vegtilsynet har ein nynorskprosent på 28 for ny tekst på nett og 40 for alt tilgjengeleg innhald på hovudnettstaden.

Kommentar

Vegtilsynet stettar kravet innanfor tre av dei fire tilsynstema me har vurdert for 2024, og skal ikkje vurderast etter det fjerde (sosiale medium). Vegtilsynet stettar dermed alle krava me har vurdert.

Utanriksdepartementet

Resultata for departementet per tilsynstema

Tema 1

Nynorskprosenten i ny tekst på nett (stortingsdokument og annan nettekst) er 9 i 2024 (8 i 2023), og departementet stettar dermed ikkje kravet til veksling. Departementet har ein låg nynorskprosent.

Tema 2

Nynorskprosenten i stortingsdokument er 8 i 2024 (1 i 2023). Departementet stettar ikkje kravet til veksling.

Tema 3

Nynorskprosenten i annan nettekst er 10 i 2024 (11 i 2023). Departementet er dermed eit stykke unna å stetta kravet.

Tema 4

Nynorskprosenten i sosiale medium er 11 i 2024 (8 i 2023). Departementet stettar ikkje kravet til veksling.

Tema 5

Departementet har opplyst at alle skjema og andre sjølvbeteningstenester finst på både skriftspråka, og stettar dermed kravet om parallell bruk.

Tema 6

Departementet har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og det oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Departementet stettar kravet innanfor to av dei seks tilsynstema me har vurdert for 2024. Det er positivt at departementet no har alle skjema og andre sjølvbeteningstenester på både skriftspråka, og at nynorskprosenten i stortingsdokument har auka noko.

Resultata for underliggjande verksemder per tilsynstema

Dep	Verksemder under Utanriksdepartementet	§ 20 Opplysning	§ 14 Sjølvbetening			§ 13 Veksling	
			Antal parallele tenester		Totalt antal tenester	So-me 2024	Html 2024
UD	Norec	✓	0	av	0	49 %	65 %
UD	Norad - Direktoratet for utviklingssamarbeid	✓	0	av	2	3 %	28 %

Tema 1

Både verksemdene (Direktoratet for utviklingssamarbeid (Norad) og Norsk senter for utvekslingssamarbeid (Norec)) stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i ny tekst på nett.⁴³

Tema 2

Norec stettar kravet til veksling mellom skriftspråka i sosiale medium.

Tema 3

Norad stettar ikkje kravet om parallell bruk av bokmål og nynorsk i skjema og andre sjølvbeteningstenester. Norec har ikkje skjema og andre sjølvbeteningstenester og skal difor ikkje vurderast etter dette temaet.

Tema 4

Både verksemdene har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og dei oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Norec stettar kravet innanfor tre av dei fire tilsynstema me har vurdert for 2024. Kravet om parallell bruk av bokmål og nynorsk i skjema og andre sjølvbeteningstenester (§ 14) skal ikkje skal vurderast, og Norec stettar dermed alle krava me har vurdert.

⁴³Norec har ein nynorskprosent på 65 for ny tekst på nett, medan nynorskprosenten er 80 for heile hovudnettstaden, altså framleis noko for høg. Me gjer merksam på at lovkravet gjeld for heile nettstaden, og forventar at Norec syter for å stetta minstekravet til bokmål for heile nettstaden òg.

Statsministerens kontor

Resultata for Statsministerens kontor per tilsynstema

Tema 1

Nynorskprosenten i ny tekst på nett (stortingsdokument og annan nettekst) er 35 i 2024 (21 i 2023). Statsministerens kontor stettar kravet til veksling med god margin.

Tema 2

Nynorskprosenten i stortingsdokument er 52 i 2024 (62 i 2023). Statsministerens kontor stettar kravet til veksling.

Tema 3

Nynorskprosenten i annan nettekst er 22 i 2024 (9 i 2023). Statsministerens kontor er nær ved å stetta kravet til veksling.

Tema 4

Nynorskprosenten i sosiale medium er 27 i 2024 (24 i 2023). Statsministerens kontor (SMK) stettar kravet til veksling. SMK var nær ved å stetta kravet i 2023, og det er særst positivt at SMK etterlever lovkravet i 2024.

Tema 5

Statsministerens kontor har ikkje skjema og andre sjølvbeteningstenester og skal difor ikkje vurderast etter dette tilsynstemaet.

Tema 6

Statsministerens kontor har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og oppfyller dermed opplysningsplikta.

Kommentar

Statsministerens kontor stettar kravet innanfor fire av dei seks tilsynstemaane me har vurdert for 2024. Kravet om parallell bruk av bokmål og nynorsk i skjema og andre sjølvbeteningstenester (§ 14) skal ikkje vurderast, sidan Statsministerens kontor ikkje har slike tenester. Vekslingskravet (§ 13) er oppfylt i ny tekst på nett på grunn av høg nynorskprosent i stortingsdokument og ein stor auke i nynorskprosenten for annan nettekst (opp frå 9 til 22 prosent i 2024). Med framgangen i annan nettekst og jamt godt arbeid stettar Statsministerens kontor dermed alle krava me har vurdert.

Resultata for underliggjande verksemdar per tilsynstema

Dep	Verksemdar under Statsministerens kontor	§ 20 Opplysning	§ 14 Sjølvbetening		Totalt antal tenester	§ 13 Veksling	
			Antal parallele tenester	av		So-me 2024	Html 2024
SMK	Regjeringsadvokaten	✓	0	av	0		0%

Statsministerens kontor har berre Regjeringsadvokaten som underliggjande verksemd.

Tema 1

Regjeringsadvokaten publiserte ca. 200 ord i ny tekst på nett på hovudnettstaden i 2024, alt på bokmål. Regjeringsadvokaten stettar difor ikkje vekslingskravet for ny tekst på nett. Samla nynorskprosent for alt tilgjengeleg innhald på hovudnettstaden er 13 (same som i 2023).

Tema 2

Regjeringsadvokaten brukar ikkje sosiale medium og skal difor ikkje vurderast etter dette tilsynstemaet.

Tema 3

Regjeringsadvokaten har ikkje skjema eller andre sjølvbeteningstenester og skal difor ikkje vurderast etter dette tilsynstemaet.

Tema 4

Regjeringsadvokaten har svara på spørsmåla som Språkrådet har stilt, og oppfyller opplysningsplikta.

Kommentar

Regjeringsadvokaten stettar kravet innanfor eitt av dei fire tilsynstemaana som me har vurdert for 2024 (opplysningsplikta). Kravet om parallell bruk av bokmål og nynorsk i skjema og andre sjølvbeteningstenester (§ 14) og kravet til veksling mellom skriftspråka i sosiale medium (§ 13) skal ikkje vurderast. Regjeringsadvokaten stettar ikkje kravet til veksling i ny tekst på nett, heller ikkje over tid. Me nemner òg at samla ordmengd (for både skriftspråka) for heile nettstaden berre er om lag 2000 ord. Regjeringsadvokaten har informert Språkrådet om at verksemda ligg under Statsministerens kontor og har ei eiga nettside som i all hovudsak fungerer som eit utvida visittkort. Regjeringsadvokaten har såleis ikkje ei nettside som vert oppdatert i særleg grad utover oversikta over dei tilsette og i samband med årsrapporten som vert publisert. Regjeringsadvokaten har vore i dialog med Språkrådet våren 2025 om korleis verksemda skal stetta krava.